

# Reguleringa av Uste- og Hallingdalsvassdraget

## REVISJONSDOKUMENT DEL 1



### DEL 1|2:

#### REVISJONSDOKUMENT

- 1 | TILLATELSER OG MANØVRERINGSREGLEMENT
- 2 | SIMULERINGSRAPPORT HYDROLOGI
- 3 | FOTOGRAFIER

### DEL 2|2:

- 4 | NATURUNDERSØKINGAR OG SYN FARINGSRAPPORT
- 5 | PLAN FOR MILJØDESIGN

E-CO ENERGI AS / FORENINGEN TIL HALLINGDALSVASSDRAGETS REGULERING



Revisjonsdokument for

# **Reguleringsa av**

# **Uste- og Hallingdalsvassdraget**



*Tuftebru ved Geilo*

Utarbeidd av  
**Foreningen til Hallingdalsvassdragets Regulering/E-CO Energi AS**

8. mai 2018



## Innhald

<b>Innleiing .....</b>	<b>5</b>
<b>Bakgrunn for rapporten.....</b>	<b>7</b>
<b>DEL 1: FAKTA OG OBSERVASJONAR .....</b>	<b>8</b>
Om revisjon av vilkår .....	8
Kva er ein vilkårsrevisjon? .....	8
Forhandling med vertskommunane jamført med vanleg NVE-prosess .....	9
Oversikt over gitte konsesjonar i vassdraget.....	9
Oversikt over reguleringsanlegg, magasin, elvestrekningar og kraftanlegg .....	10
Hydrologiske grunnlagsdata; vasstandar og restvassføringar .....	16
Framstilling av manøvreringsreglement og praksis for manøvrering .....	20
Kraftproduksjon og verknaden for kraftsystemet .....	21
Oversikt over eventuelle utgreiingar, skjønn og avbøtande tiltak som er gjort i forbindelse med reguleringa .....	23
Utgreiingar .....	23
Skjønn .....	24
Avbøtande tiltak .....	25
Erfarte skader og ulemper som følge av reguleringa, med særleg vekt på fisk, friluftsliv, erosjon, landskap, naturens mangfold, kulturminne og andre miljøforhold .....	25
Observerte skader og ulemper for fisk og fiske.....	26
Observerte skader og ulemper for biologisk mangfold .....	27
Observerte skader og ulemper samfunnet .....	28
Observerte skader og ulemper av økonomisk karakter .....	30
Status jamført med vassforskrifta .....	30
<b>DEL 2: VURDERINGER OG FORSLAG.....</b>	<b>31</b>
Partane sine vurderingar av eksisterande vilkår og ein vurdering av behovet for endringar	31
Forslag til endringar knytt til minstevassføring .....	31
Forslag knytt til endringar i vilkår for magasin .....	32
Forslag knytt til tiltak innanfor standardvilkår for naturforvalting .....	36
Partane sine forslag til endringar i vilkåra, aktuelle avbøtande tiltak og moglegheiter for O/U-prosjekter.....	40
Usteåne .....	43
Usteåne som recipient .....	44
Flaumrisiko .....	45
Rødungen.....	46

Strandafjorden .....	46
Hallingdalselva .....	47
Rukkedøla .....	48
Næringsfond og miljøfond .....	48
Forslag til oppdaterte vilkår for Uste- og Hallingdalsreguleringa .....	49
Vidare saksgang .....	52
<b>DEL 3: VEDLEGG .....</b>	<b>54</b>
Vedlegg 1: Løyver og reglement .....	54
Vedlegg 2: Simuleringsrapport – hydrologiske analyser og konsekvensar .....	54
Vedlegg 3: Fotografi av vassdrag og reguleringsanlegg .....	54
Vedlegg 4: Naturundersøkingar og synfaringsrapportar .....	54
Vedlegg 5: Plan for miljødesign .....	54
Tillegg I: Hydrologiske grunnlagsdata .....	54

## Innleiing

Dette er revisjonsdokumentet for vilkårsrevisjonen for Uste- og Hallingdalsvassdraget utarbeida av Foreningen til Hallingdalsvassdragets Regulering (FHR)/E-CO Energi AS (E-CO) i samråd med kommunane Hol, Ål, Gol, Nes og Flå i Hallingdal. NVE har bestemt at vilkåra for konsesjonen skal takast opp til revisjon. I ein revisjon kan vilkåra for å forbetre miljøet endrast på innanfor fastlagde rammer.

Det er identifisert nokre hovudutfordringar i reguleringa. Det er:

- Handtering av risiko for flaum
- Betre miljøforhold for fisk, fiske og friluftsliv

Flaum er ei utfordring i Hol kommune ved Geilo bru, men og nedstraums i vassdraget heilt ned til Drammensfjorden. For tilhøva for fisk og fiske er det særskilt Usteåne og Rødungen som er utfordrande. Vassdraget og naturen rundt betyr mykje for friluftslivet og næringslivet i området.

Hovudspørsmåla innan miljø og samfunn i reguleringa handlar om vilkår for magasina og minstevassføring. Det er derfor utarbeidd ein prognose for framtidige vilkår, for å synleggjere konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn. Prognosene tek utgangspunkt i ynskje om betre handtering av to tema:

1. Betre fleksibilitet i vilkåra for Ustevatn og Rødungen for å dempe risiko for flaum og betre vilkår for å handtere flaumsituasjonar
2. Strengare krav til minstevassføring i vilkåra for forbeting av tilhøva for fisk og fiske i Usteåne og i Rødungen. Auka vassføring kan og vere viktig for friluftslivet på Geilo

I tillegg er eit tredje tema kome opp i prosessen:

3. Minstevassføring i Rukkedøla for å forbetre tilhøva for botndyr, fisk og landskap i Nesbyen

Prognosene med konsekvensar er utgreia i eigen rapport i vedlegget til revisjonsdokumentet. Det er òg lagt ved ein annan rapport som syner fotografi av vassdrag og reguleringsanlegg. I vedlegget er det òg vist til naturundersøkingar og synfaringsrapportar med bilete frå vassdraga.

Prosessen med å utarbeide revisjonsdokumentet er gjort i samarbeid med vertskommunane Hol, Ål, Gol, Nes og Flå. FHR/E-CO og vertskommunane har organisert arbeidet i ei felles arbeidsgruppe. Sjølv om revisjonsdokumentet med innhald står for FHR/E-CO si rekning, er dokumentet utarbeidd i samråd med kommunane som fylgje av ei forhandling mellom partane om løysingar for nye vilkår. Gjennom felles kunnskapsgrunnlag, folkemøte, felles synfaringar, utarbeiding av felles rapport, som ha vore på kommentarhøyring hos private og ålmenne interesser i kommunane (inklusive Nore og Uvdal og Ulvik kommunar), og administrativ og politisk forankring, har partane i stor grad kome fram til felles løysingar og einigheit om nye

vilkår. I revisjonsdokumentet kjem det klårt fram på kva for punkter partane er einige og ueinige.

Nemnte arbeidsgruppe har gjennom dokumentasjon frå overvaking, møter med interessentar og grunneigarar og ved nedteikningar systematisert alle innspel om reguleringa sine antekne verknader på miljøet og for ei rekke private tilhøve. Døme på tilhøve som er registrert, er gjengroing av grunne område i vatn og fjordar, skader på tersklar i Hallingdalselva bygd på 1970-talet og problem med utøving av fiske på grunn av grønske og båtutsett.

Arbeidsgruppa har hatt følgande medlemmer:

For Foreningen til Hallingdalsvassdragets Regulering representert ved E-CO Energi	For kommunane i Hallingdal
Halvor Kr. Halvorsen, fagsjef Bjørn Otto Dønnum, miljøkoordinator Geir Johne Carlsen, hydrolog	Kjell Mykkeltvedt, Hol kommune Tore Tveito Eidnes, Ål kommune (Geir Tretterud, Ål kommune) Jørn Magne Forland, Gol kommune Anders Halland, Nes kommune

Halvor Kr. Halvorsen, E-CO, har vore sekretær for arbeidsgruppa.

## Bakgrunn for rapporten

Reguleringa av Uste- og Hallingdalsvassdraget skal gå gjennom vilkårsrevisjon. Det vert synt til brev frå NVE 29. mars 2017 kor det er fatta vedtak om å opne for vilkårsrevisjon. I dette brevet er det spesielt minstevassføring frå Ustevatn og Strandafjorden for å betre tilhøva for fisk og byttedyr som vert nemnd, samt vurdering for friluftsliv, landskapet og turisme. Årsaka bak vedtaket er miljømål fastsett i godkjent Plan for vassforvaltning for Vest-Viken, datert 4. juli 2016.

Kommunane i Hallingdal og FHR/E-CO var tidleg einige om å gjennomføre ein felles prosess med forhandling med mål om å kome fram til einighet om framtidige vilkår for konsesjonane. Det har vore ein felles ambisjon om å kome fram til eit balansert resultat, som både tek omsyn til kraftproduksjon og miljø og samfunn. Utgangspunktet for prosessen har og vore ei felles forståing om at det er trøng for betre miljøtilhøve og vassføring i Uståne og trøng for betre mogelegheiter for handtering av flaumrisiko, samt at Ål kommune har vore særskilt opptekne av at miljøtilhøva vert betre i Rødungen (syd). Nes kommune har vore opptekne av vassføringa i Rukkedøla gjennom Nesbyen og flaumdemping i Hallingdaselva.

Prosessen har sikra lokal medverking frå alle kommunar, private og allmenne interesser. Det er gjennomført møter og synfaringar kor innspel frå private og allmenne interesser har kome inn.

Denne rapporten er utarbeida i fellesskap mellom partane. Hallingdalskommunane og FHR/E-CO er i stor grad einige om nye vilkår og rammer for miljøtiltak. I rapporten kjem det klart fram på kva for punkt vi ikkje er einige.

Rapporten er delt inn i tre bolkar: Fyrst ein kort faktadel om rammene for vilkårsrevisjon og om sjølv reguleringa av vassdraget. Denne delen er fakta- og statistikkdominert. Konsekvensar i form av observasjonar av miljøet er teke med. Del 2 omfattar vurderingar av trøngen for endringar i vilkåra. Det er lagt vekt på spørsmåla om vasstandar i magasina Ustevatn og Rødungen og minstevassføring i Uståne. Ei rekke miljøomsyn skal verte innordna i oppfølging innanfor det ein kallar standard naturvilkår. Del 3 i denne rapporten er vedlegg med visning til rapportar og fagleg dokumentasjon som normalt fyljer utgreiingar som dette.

Sidan regulanten har hatt ein tett prosess med vertskommunane syner vi også til anna viktig grunnlag for dette revisjonsdokumentet (oversendt NVE):

- Revisjonsrapport som var ut til kommentering (høyring), datert 17. oktober 2017 med vedlegg
- FHR sine kommentarar til høyringsinnspela med vedlegget som omfattar alle innspel til rapporten frå allmenne og private interesser, datert 21. desember 2017
- Notat frå E-CO Analyse av flaumrisiko i Ustereguleringa, datert 30. januar 2018

## DEL 1: FAKTA OG OBSERVASJONAR

### Om revisjon av vilkår

#### Kva er ein vilkårsrevisjon<sup>1</sup>?

Formålet med ein revisjon er å betre miljøtilhøva i tidlegare regulerte vassdrag. Dette må vegast mot formålet med konsesjonen, som er kraftproduksjon. Mogeligheten til revisjon er meint å føre til ei modernisering eller ajourføring av vilkåra i konsesjonen, blant anna når det gjelder miljø. Revisjonen skal også gje opning for å løyse opp vilkår som har vist seg urimelege, ikkje naudsynte eller lite formålstenlege. Innhaldslause vilkår vil bli fjerna, for eksempel spesielle vilkår som knyter seg til sjølve anleggsperioden.

Revisjonen kan gje mogleheit til å sette nye vilkår for å rette opp skadar og ulemper for allmenne interesser som er oppstått som følgje av reguleringane.

Det er berre vilkåra som kan reviderast, ikkje sjølve konsesjonen, som til dømes høgaste regulerte vasstand (HRV) og lågaste regulerte vasstand (LRV). Restriksjonar som i praksis gjer utnytting av heile reguleringa (som HRV og LRV) umogleg, er det ikkje høve til å pålegge gjennom revisjon.

Privatrettslege tilhøve er ikkje omfatta, og normalt heller ikkje økonomiske vilkår (konsesjonsavgifter, konsesjonskraft og næringsfond) som ikkje kan knytast direkte til miljøvilkåra. Privatrettslege spørsmål som erstatningar eller annan form for kompensasjon for økonomiske tap, skal være gjort opp i tidlegare vassdragsskjønn og er ikkje tema i revisjonssak.

Ved revisjon skal fordelar og ulemper avvegast for nye eller endra vilkår. Avveginga inneholder ei heilskapleg vurdering av ei rekke omsyn. Nye krav vil derfor kome som ei ekstra tyngd utover allereie eksisterande krav i konsesjonen. Det skal derfor visast varsemd med å pålegge ekstra tyngande vilkår for konsesjonæren.

Mange av dei krava som ein kan vente vil kome i vilkårsrevisjon, høyrer heime i moderne standardvilkår for naturforvaltning. Ved å ta med nye standardvilkår for naturforvaltning vil vurderingane i revisjonssakene i stor grad bli redusert til tema som minstevassføring, andre restriksjonar på vassføring og magasinrestriksjonar. Standardvilkår gjer Olje- og energidepartementet, Noregs vassdrags- og energidirektorat, Miljødirektoratet eller Fylkesmannen opning til å pålegge visse, men avgrensa, undersøkingar og tiltak. Revisjonssaken vil bli endeleg bestemt av Kongen i statsråd.

Lovgrunnlaget for vilkårsrevisjon var tidlegare vassdragsreguleringslova § 10 nr. 3. Revisjon av lovgrunnlaget for vilkårsrevisjon blei gjort av Stortinget ved handsaming av Ot.prp. nr. 50

---

<sup>1</sup> Det vert synt til Olje- og energidepartementets retningslinjer for revisjon av vilkår i vassdragsreguleringer, datert 25.5.2012. [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/oed/2012-0606\\_retningslinjer\\_for\\_revisjon\\_25mai\\_siste.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/oed/2012-0606_retningslinjer_for_revisjon_25mai_siste.pdf)

(1991–92)<sup>2</sup>. Regler for revisjon av vilkår er fastsett i den nye vassdragsreguleringsloven § 8 Adgang til revisjon (sist endra i 2017), men utan materielle endringar frå tidlegare lov.

### Forhandling med vertskommunane jamført med vanleg NVE-prosess

Normalt er prosessen for vilkårsrevisjon leia og styrt av NVE. I vårt tilfelle har regulanten og vertskommunane, som representantar for allmenne interesser, forhandla om å kome fram til forslag til nye vilkår. Gjennom høyringar og forhandling er eit revisjonsdokument utarbeida. I prosessen er aktuelle miljøtema blitt registrert, som så vert sett under lupa i fellesskap mellom partane. På grunnlag av ei felles forståing for fakta- og kunnskapsunderlaget, og djupare kunnskap om kvarandre sine interesser, har vi funne felles løysningar på utfordringar. Hensikten har vore å oppnå felles gevinstar i stedet for å eskalere eventuelle konfliktar. Det har vore ei forutsetning at alle private og allmenne partar har fått moglegheit til å gje sine syn og høyringsinnspel undervegs i arbeidet. Det har også vore ei forutsetning at prosessen følgjer rammene for vilkårsrevisjon som omtalt i førra kapittel. NVE har i brev av 2. juni 2017 uttalt følgjande:

Det bemerkes at revisjonsdokumentet må redegjøre for de forhold der kommunene og E-CO har sammenfallende oppfatning, samt eventuelle forhold der oppfatningene avviker. Videre bemerkes at revisjonsdokumentet ikke skal være et felles dokument fra kommunene og tiltakshaver, og at det er tiltakshaver som innestår for utarbeidelsen og innholdet i dokumentet.

Revisjonsdokumentet sendes alltid på høring, og da er det opp til de berørte kommunene og andre representanter for berørte allmenne interesser å gi de innspill de ønsker.

### NVE gir E-CO utsatt frist til 1. april 2018 med å levere revisjonsdokument for Uste-Hallingdalsvassdraget.

FHR/E-CO står ansvarleg for revisjonsdokumentet, men det er utarbeida i samråd med vertskommunane. Partane er klår over at revisjonsdokumentet vil bli sendt på ordinær høyring av NVE. Partane tek sikte på å kommentere høyringsinnspel på same måte som for revisjonsdokumentet. Sjølv om FHR/E-CO og kommunane har samarbeida om dette revisjonsdokumentet, er det viktig å merke seg at kommunane står heilt fritt til å kommentere revisjonsdokumentet.

### Oversikt over gitte konsesjonar i vassdraget

Dei konsesjonar som er omfatta av vilkårsrevisjonen er:

- Kgl.res. av 20. juli 1962: Tillatelse for Foreningen til Hallingdalsvassdragets Regulering til å foreta reguleringer og overføringer i Uste-Hallingdalsvassdraget m.v. samt tillatelse for Oslo Lysverker til å ekspropriere grunn og rettigheter m.v. for utbygging av Uste og Nes kraftverker
- Kgl.res. av 5. juli 1968: Tillatelse for Foreningen til Hallingdalsvassdragets Regulering til å foreta overføring av Votna og Lya til Nes kraftverk. Nytt manøvreringsreglement for reguleringen av Uste-Hallingdalsvassdraget m.v.

---

<sup>2</sup> [https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesavisning/?p=1991-92&paid=4&wid=c&psid=DIVL606&pqid=c\\_0547](https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesavisning/?p=1991-92&paid=4&wid=c&psid=DIVL606&pqid=c_0547)

- Kgl.res. av 3. april 1970: Tillatelse for Foreningen til Hallingdalsvassdragets Regulering til å regulere Rødungen og å overføre avløpet til Hallingdalsvassdraget.

Foreningen til Hallingdalsvassdragets Regulering (FHR) er konsesjonær.

### **Om sakshandsaminga for løyvet for regulering av Uste- og Hallingdalsvassdraget**

For Stortingsbehandlinga, syner vi til

- St.prp.nr 40 (1961–62) Utbygging av Uste- og Hallingdalsvassdraget mv.
- Innstilling frå Skog-, vassdrags- og industrikomiteen om utbygging av vassdraget, Innst. S. nr. 257 (1961–62)
- Handsaminga i Stortinget med votering 26. juni 1962
- St.prp. nr. 77. (1969–70) Oppheving av statsreguleringen av Rødungen.
- Innstilling om utbygging av Rødungen, Innst. S. nr. 154. (1969–70) Innstilling fra industrikomitéen om oppheving av statsreguleringen av Rødungen og tillatelse for Foreningen til Hallingdalsvassdragets Regulering til å regulere Rødungen og å overføre avløpet til Hallingdalsvassdraget
- Handsaminga i Stortinget med votering 20. mars 1970


### **Om løyvet for å foreta overføring av Votna og Lya til Nes kraftverk med nytt manøvreringsreglement for reguleringa av Uste-Hallingdalsvassdraget mv.**

Dette løyvet – med vilkår og manøvreringsreglement – er lagt i vedlegg 1 til denne rapporten. Manøvreringsreglementet er fastsett ved kgl.res. 3. april 1970.

### **Oversikt over reguleringsanlegg, magasin, elvestrekningar og kraftanlegg**

Uste- og Hallingsdalsreguleringa femner om Ustevassdraget frå Finsevatn ved Hardangerjøkulen i vest (dels i Ulvik kommune), Ørteren (inkludert vatna Øvre og Nedre Trestiklan og Lægreidvatnet) i sørvest, Ustevatn og elva Usta (Usteåne) til Strandafjord, samt magasinet Rødungen i Ål kommune og Nore og Uvdal kommune. Vidare er Hallingdalselva rørt med fleire sidevassdrag og bekker ned til Nesbyen ved at bekkane er overført til tillauptunnelen til Nes kraftverk. Det er to kraftverk som det er gitt løyve til i samband med reguleringa: Usta kraftverk i Ål kommune med inntak i Ustevatn i Hol kommune og Nes kraftverk i Nes kommune med inntak i Strandafjord i Ål kommune.

Ein oversikt over reguleringar og kraftverk for vassdraget er gitt i karta under.



Figur 1. Kart over Øvre Hallingdal med Usta kraftverk med vassveg (NVE Atlas)

## Oversikt over tekniske anlegg

	<b>Uste</b>	<b>Nes</b>
Maksimal fallhøgde (meter)	541	285
Installert effekt (MW)	180	252
Energiekvivalent (kWh/m <sup>3</sup> )	1,247	0,631
Turbin (MW)	2 · 90 MW francis vertikal	4 · 62,5 MW francis vertikal
Generator (MVA)	2 · 100 MVA	4 · 70 MVA
Slukeevne maks. (m <sup>3</sup> /s)	2 · 20 = 40	4 · 27,5 = 110
Produksjon (GWh/år)	780	1330
Brukstid gjennomsnitt (t)	4333	5332
Sett i drift (år)	1965	1968–1969


Tabell 1. Kraftverk i reguleringa

I brev av 12. april 2018 har NVE gitt anleggskonsesjon til oppgradering av dei over 50 år gamle aggregata i Uste kraftstasjon. Oppgraderinga vil vere ferdig i 2020. Ytinga vil auke frå 2 · 100 MVA til 2 · 124 MVA, medan samla slukeevna vil auke frå 40 til 44,5 m<sup>3</sup>/s.

<b>Magasin</b>	<b>Lokalt tilsig (mill. m<sup>3</sup>/år) (1961–1990)</b>	<b>Volum (v/HRV)</b>	<b>HRV og LRV</b>
Finsevatn	128,3	9,2	1215 og 1211,7
Nygårdsvatn	260,6	27,8	995 og 984
Ørteren	67,1	72,4	1147 og 1134
Ustevatn	129,5	210,7	985 og 967,5
Rødungen	17,3	153,8	957,4 og 943,9
Strandafjorden inkl. bekkeinntaka *	554,1	-	445,2 og 444
Hallingdalselva ved Nes **	-	-	(156,6 og 159)

\*Døgnreguleringsmagasin. Øvre og nedre kote, \*\*Syner vanleg variasjonen i høgda på undervatnet

Tabell 2. Magasin i reguleringa




Figur 2. Kart over Hallingdal med Nes kraftverk med vassveg (NVE Atlas)

Bekk/elv	Lokalt tilsig (mill. m <sup>3</sup> /år) (1961–1990)	Råka strekning i km (ca.)
Kula	20,2	1
Votna (restfelt)	90,9	1
Lya	88,8	2
Ridøla	20,8	2
Dokkelva	23,8	2,5
Rukkedøla	86,7	8
Skirva	11,0	0,5

Tabell 3. Bekkeinntak for Nes kraftverk

Bekk/elv	Strekning i km (ca.)	
Ustekveikja øvre	12	Finsevatn til Tungavatn
Ustekveikja nedre	5	Tungavatn til Bergsmulfjorden
Ørteråne	3	Ørteren til Sløddfjorden
Usteåne, øvre del	7	Ustevatn til Ustedalsfjorden
Usteåne, nedre del	17	Ustedalsfjorden til Strandafjorden
Hallingdalselva	45	Dam Strandafjord til Nes kraftverk

Tabell 4. Råka elvestrekningar av reguleringar




Figur 3. Kart over stadnamn i Hol (NVE Atlas)

	Ørteren	Ustekveikja	ÅI
Maksimal fallhøgde (meter)	160	116	30
Installert effekt (MW)	10	36,5	3,2
Energiekvivalent (kWh/m <sup>3</sup> )	0,370	0,263	0,075
Turbin	1 francis	2 francis: 33 MW og 3,5 MW	1 francis
Generator			
Slukeevne (m <sup>3</sup> /s)	7,5	38,5	11,8
Produksjon (GWh/år)	26	80	13
Satt i drift (år)	1966	1983	1914/1935
Nyttar reguleringa ved	Ørteren	Finsevatn	Pålagt minstevassføring i Hallingdalselva


Tabell 5. Andre kraftverk som utnyttar reguleringa direkte eller vassføring fastsett i vilkåra

Kraftverk	Produksjon (GWh/år)	Installert effekt (MW)
Ramfoss	170	30
Kaggefoss	550	88
Embretsfoss 3 og 4	335	18 + 51
Døviksfoss	109	14
Hellefoss	81	11

Tabell 6. Kraftverk som utnyttar reguleringane nedstraums Nes kraftverk i Snarumselva og Drammenselva



Figur 4. Kart over stadnamn i Ål (NVE Atlas)



Figur 5. Kart over stadnamn i Nes (NVE Atlas)


### Hydrologiske grunnlagsdata; vasstandar og restvassføringer

Vi syner til vedlegget for fullstendig oversikt over figurar for vasstandar, vassføringer, restvassføring, tilsig mv. I vedlegg 3 er det og lagt ved fotografi av vatn og elver på ulike vasstandar og vassføringer. Perioden 1993–2016 (siste 25 år) er valt som referanseperiode.

I dette kapittelet vert dei mest sentrale vasstandar og vassføringer vist: vasstand i Ustevatn, Rødungen og vassføring i Usteåne ved Geilo bru og i Hallingdalselva ved Oppsjø.


### Uste- og Hallingdalsreguleringa – vasstand 1993–2016

Median, kvartiler, maksimum og minimum



Figur 6. Ustevatn

Figuren viser at manøvreringsreglementet styrer vasstanden vinterstid. Det er eit mål at magasinet er nedtappa til 1. mars. Etter 1. mai kjem snøsmeltinga, og tilsiget aukar på og vasstanden er normalt oppe på kote 984 rundt 1. juli.




Figur 7. Rødungen


I Rødungen startar tappinga/kraftproduksjonen normalt rundt 1. mars. Sidan lokaltilsiget er lite, er det overføringa frå Ustevatn som normalt startar rundt 1. juli, som bidrar med oppfylling av Rødungen utover sommaren.

### Uste- og Hallingdalsreguleringa – vassføring

Median, kvartiler, maksimum og minimum




Figur 8. Geilo bru (1)




Figur 9. Geilo bru (2)

Vassføringa vert målt ved Geilo bru. Det er her kravet til minstevassføring gjeld. Figuren over viser at vassføringa varierer mykje.



Figur 10. Oppsjø (1)



Figur 11. Oppsjø (2)

Det er øg krav til minstevassføring i Hallingdalselva med slepp frå Strandafjord. Oppsjø bru ligg på Ål, og restfeltet mellom Strandafjorden og Oppsjø er lite. Figuren syner at vassføringa er styrt av kravet til minstevassføring gjennom året, med nokre periodar med høgare vassføring på grunn av flaumar. Det ligg mange fleire figurar i vedlegga.

## Framstilling av manøvreringsreglement og praksis for manøvrering

I all hovudsak er manøvreringa av Uste- og Hallingdalsvassdraget gjennomført i tråd med reglementet for manøvrering. Manøvreringsreglementet er attgjeve i vedlegg 1.

Dei sentrale reglane i manøvreringsreglementet er:

- 1) Løyve til regulering av ti vatn frå Finsevatn og Ørteren til Strandafjord.
- 2) Overføring av sju elver og bekker inn i tillauptunnelen for Nes kraftwerk
- 3) Flaumvasstand i Ustevatn skal ikkje overstige kote 985,7, med liknande krav til fleire andre magasin
- 4) Det er ikkje gitt lov til flaumavlaup til Numedalslågen (frå Rødungen)
- 5) Tapping av magasinvatn skal innstillast seinast 1. mars frå Ustevatn-Sløtfjord, Ørteren, Finsevatn og Nygårdsvatn, medan tapping av naturleg tilsig frå Ustevatn-Sløtfjord innstillast seinast 1. mai
- 6) Overføring til Rødungen kan skje når vasstanden i Ustevatn er over kote 984,0. Magasinvolumet over kote 984 i Ustevatn-Sløtfjord kan utnyttast som flaumdempingsmagasin i tida med overføring til Rødungen.
- 7) Når Rødungen er fylt, skal Ustevatn snarast fyllest til kote 984,5, og tapping under dette nivået skal ikkje skje før etter 1. oktober
- 8) Finsevatn skal fyllast så snart som mogeleg etter at Ustevatn-Sløtfjord har nådd kote 984,0, og haldast fylt til lågvassperiodens start

Dei sentrale reglane for minstevassføring er:

- a) Frå 16. september til 15. mai skal det gå ei vassføring på  $2,5 \text{ m}^3/\text{s}$  frå Strandafjord.
- b) Frå 15. mai skal sleppet auke til minst  $10 \text{ m}^3/\text{s}$ . Endringar i vassføring skal skje gradvis over eit tidsrom på minst ei veke
- c) Minstevassføring målt ved Geilo bru er sett til  $0,2 \text{ m}^3/\text{s}$  heile året

Utanom dette kan slepp av vatn skje etter trøngen til kraftverka Uste og Nes. For ei nærmare framstilling av manøvrering, magasinfylling og minstevassføring syner vi til vedlegg 2.

Det er gjeve avvik frå reglementet av NVE etter søknad frå FHR for å hindre flaumskade i åra 1993, 2005, 2007, 2008 og 2015. I praksis har det skjedd ved at tappinga frå Ustevatn til Rødungen har starta tidlegare enn reglementets vilkår, kor det heiter at «*Overføring til Rødungen kan skje ved vasstander over kote 984,0*» og «*Etter at Rødungen er fylt opp skal Ustevatn snarest bringes opp til kote 984,5 og holdes der inntil 1. oktober*». Høgda mellom 984,0 og 985,0 vert normalt brukt som dempingsmagasin i den perioden Rødungen vert fylt opp. I dei nemnte tilfella er overføringa til Rødungen starta på typisk kote 981–982. Dersom vassføringa i flaumperioden kjem over  $60\text{--}70 \text{ m}^3/\text{s}$  ved Geilo bru, er det fare for flaumskadar i vassdraget. Som regel er det hurtig oppfylling av Ustevatn på sommaren med store gjenværande snømagasin som utløyser behovet for tidlegare overføring til Rødungen.

FHR kan vise til to avvik frå manøvreringsreglementet som er meldt inn til NVE sidan 1990. Det er registrert eit tilfelle av brot på vilkåret for Ustevatn 23.–24. september 2013, ved at vasstanden kom under kote 984,5 før 1. oktober. Det er også registrert eit tilfelle av brot på

kravet til minstevassføring på Geilo bru på 0,2 m<sup>3</sup>/s i 2006. I tillegg registrerte NVE at vasstanden i Finsevatn var under LRV den 11. april 1996.

Manøvreringsreglementet legg sterke band på manøvrering av magasina. Fyllinga av Ustevatn startar 1. mai. Det meste av tilsiget til Finsevatn og Nygårdsvatn bidrar til fyllinga av magasinet. Når Ustevatn har nådd kote 984 og overføringa til Rødungen startar, skal Finsevatn fyllast opp til HRV og Nygårdsvatn fyllast opp til eit nivå vi er komfortable med. Resten av sommaren er Nygårdsvatn det viktigaste flombuffermagasinet i eit underregulert system. I flaumsituasjonar eller ved kraftbehov praktiserer vi at tapping frå Ustevatn for køyring av Uste kraftverk i perioden frå vasstanden i Ustevatn når kote 984 fram til 1. oktober kan skje parallelt med overføring til Rødungen. Ved å fordele vatnet vert falltapet redusert og det kan tappast litt meir enn om alt vatnet vert ført over til Rødungen. Ustevatn vert bringa opp til kote 984,5 når Rødungen ville vore fullt utan Usta-køyring. Finsevatn tappast ned tidleg på vinteren for å hindre at vatnet frys bort på vegen ned mot Tungavatn. Fordi tapping frå Ustevatn og magasina oppstraums må vere avslutta seinast 1. mars tappast Rødungen i februar–april. Sjølv om det er forventa auka tilsig i framtida, gjer ikkje dagens manøvreringsreglement rom for endra handtering av magasina.


### Kraftproduksjon og verknaden for kraftsystemet

I Uste kraftverk skjer mesteparten av kraftproduksjonen i vinterhalvåret. I Nes kraftverk er det høg produksjon vinterstid og på våren, med ofte noko lågare produksjon på hausten.

<b>Kraftproduksjon (1992–2016)</b>	<b>Uste</b>			<b>Nes</b>		
Periode	Sommar	Vinter	År	Sommar	Vinter	År
Lågaste verdi (GWh)	45	559	662	248	773	1112
Høgaste verdi (GWh)	264	758	1001	653	1110	1690
Midlare år (GWh)	181	668	849	453	952	1405

Tabell 7. Kraftproduksjon

Uste og Nes kraftstasjonar er plassert på svært sterke stader i kraftsystemet i Sør-Noreg. Mykje av krafta og effekten som kraftverka yter, støttar det sentrale Austlandet og Oslo-regionen med energienester. Usta kraftverk er plassert omtrent midt mellom Bergen og Oslo og ligg i eit punkt kor krafta kan flyte mange vegar, både på 300 kV-leidningane som forsyner Austlandet og på 420 kV-leidningane som forsyner Vestlandet. Reguleringa med store magasin er utforma slik at produksjonen i kraftverka kan svinge i takt med etterspørselen over døgnet.




Figur 12. Usta og Nes kraftstasjonar. Plassering i kraftnettet (kart frå NVE). Raude liner er 420 kV, medan oransje liner er 300 kV.

Både Uste og Nes kraftverk er kvalifisert for dei fleste av Statnett (TSO) sine marknader for balansering og regulering av kraftsystemet.

<b>Stasjon</b>	<b>Aggregat</b>	<b>Primærregulering</b>		<b>Sekundærregulering</b>	<b>Tertiærregulering</b>
		<b>Grunnreserve</b>	<b>FNR-markedet</b>	<b>FRR-A</b>	<b>RK-markedet</b>
Nes	G1	JA	JA	NEI	JA
Nes	G2	JA	JA	NEI	JA
Nes	G3	JA	JA	NEI	JA
Nes	G4	JA	JA	NEI	JA
Usta	G1	JA	JA	JA	JA
Usta	G2	JA	JA	JA	JA

Tabell 8. Kvalifisering for system- og balansetenester

Uste kraftstasjon deltar i alle marknadene for balansering, primærregulering, sekundærregulering (FRR-A) og tertiærregulering (RK-marknaden). Berre det at Uste og Nes er tilgjengelege i marknaden, er viktig for Statnett.



Figur 13. Figuren syner at Uste og Nes kraftverk yt tenester til TSO (Statnett) gjennom heile året.

E-CO har styringssystem i produksjonsplanlegginga i Oslo og døgnbemanning på driftssentralen på Gol for å yte slike tenester til Statnett til ein kvar tid.

#### **Oversikt over eventuelle utgreiingar, skjønn og avbøtande tiltak som er gjort i forbindelse med reguleringa**

##### **Utgreiingar**

Det finst ei rekke eldre utgreiningar knytt til konsesjonsprosessen, mellom anna om fisk og fiske, jordbruket, turistnæringa, erosjon, kloakkforhold mv. Beste oversikt over tilhøve som blei vurdert da konsesjonen vert gjeve, er i St.prp. nr. 40 (1961–62) Utbygging og regulering av Uste- og Hallingdalsvassdraget. Sjå: <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Saksside/?pid=1961-1970&mtd=116&vt=a&did=DIVL180053>

For temaet kulturminne gjennomførte Universitetet si oldsaksamling undersøkingar i Ustedalen (Ustevassdraget) i 1960–61. Desse er godt dokumentert, bl.a. i boka Arkeologiske undersøkelser i vassdrag, Svein Indrelid, Riksantikvaren 2009.

For temaet miljø- og biotoptiltak i Hallingdalsvassdraget er det utført omtalt i NVE si bok Miljøhensyn inn i norsk vassdragsforvaltning 1963–2014, Jon Arne Eie, NVE 2016. I denne boka står satsinga på miljøtiltak i Hallingdal og Hallingdalselva med terskelbygging og landskapstiltak fram som banebrytande i norsk vassdragsforvaltning. Erfaringane vert karakterisert som vellykka.

For temaet fisk vert det jamleg gjort fiskeundersøkingar i magasina etter pålegg i konsesjonen og i følgje krav frå Fylkesmannen i Buskerud. I tillegg er det utført frivillige undersøkingar dei siste åra i Usta og i Hallingdalselva. Vi syner til siste datarapport, som summerer resultata frå 2014–2016 i Hallingdalselva med sideelver (LFI NHM rapport nr. 292).

I den øvre delen av Usteåne blei det i 2013 gjennomført eit arbeide for å kartlegge fisk og botnfauna som eit grunnlag for å vurdere tiltak i samband med tersklane på strekninga mellom Ustedalsfjorden og samlaupet med Bardøla (LFI NHM rapport nr. 30). Sjå vedlegg 4.

For temaet flaum har NVE gjennomført flaumkartlegging for nedstraums kommunar, bl.a. utsette område i Nesbyen og Drammenselva (kommunane Øvre Eiker, Nedre Eiker og Drammen). NVE har også utført flaumberekningar for Hallingdal (rapport 12 2004). FHR/E-CO har nyleg utført bølgjeberekningar for dambrot for Hallingdal.

For temaet ureining har Asplan Viak utarbeida Hovudplan for avlaup og vassmiljø 2016–28 for Hol kommune. I ein tidlegare analyse «Foreløpig problemkartlegging av elva Usteåne, med fokus på kommunalt avløpsanlegg på Geilo (datert 3. desember 2015)», skreiv Asplan Viak: *Vannforekomsten Usteåne har samla økologisk tilstand som vi vurderer som moderat. Ut fra analyseresultatene som foreligger har vi foreløpig klassifisert tilstanden som god for eutrofiering og organisk stoff.* Ein oppdatert rapporten vil kome våren 2018.

For Ål har reinseanlegget på Torpo kapasitet opp til 7000 p.e. Det er inngått avtale mellom Ål kommune og E-CO om å utgreie og legge tilhøva til rette for å sende reinsa avlaupsvatn frå reinseanlegget inn på Nes-tunnelen.

For temaet friluftsliv og turisme finst det lite av nye utgreiingar. Konsekvensar for friluftsliv/turisme var tema for handsaminga og konsekvensane ble omtalt og lagt til grunn for Stortinget si handsaming av konsesjonssøknaden, sjå St.prp. nr. 40 (1961–62).

Best informasjon om reiseliv, friluftsliv og hyttebygging i Hol og på Geilo er her:  
<https://www.visitnorway.no/reisemål/ostlandet/geilo/>. Vi syner og til planen for berekraftig reisemålsutvikling for Hol kommune:  
[https://res.cloudinary.com/simpleview/image/upload/v1/clients/norway/Visit%20Geilo%20-%20Brosjyre%20A5%20B%C3%A6rekraftig%20reisem%C3%A5l%2002-15\\_WEB\\_566599f1-89e6-41ff-b2cb-bdc71feb4344.pdf](https://res.cloudinary.com/simpleview/image/upload/v1/clients/norway/Visit%20Geilo%20-%20Brosjyre%20A5%20B%C3%A6rekraftig%20reisem%C3%A5l%2002-15_WEB_566599f1-89e6-41ff-b2cb-bdc71feb4344.pdf). Reiselivet i Hol viser god utvikling.

## Skjønn

Det er utført følgande skjønn i samband med utbygginga av vassdraget:

- Anleggsskadeskjønn, 5. april 1965
- Overskjønn anleggsskadeskjønn 21. desember 1966
- Kloakkskjønn, 20. november 1965, gjenoppteken 23. februar 1967
- Diverse bruskjønn, kraftleidningsskjønn og fløytingsskjønn
- Overskjønn kloakk 16. desember 1967
- Skjønn Rukkedøla 12. mai 1969
- Fjellskjønn (underskjønn) 8. september 1968
- Fjellskjønn (underskjønn) Deletappe I med brønnskjønn i fjellet 10. april 1970
- Overskjønn av 18. mars 1972
- Underskjønn av 9. juni 1971 Daletappe II og nokre utsette spørsmål i Fjellskjønnet
- Overskjønn av 30. mai 1970
- Dom i Lagmannsretten om Lya av 2. juli 1986

Dei tema som (det mest omfattande) overskjønnet 30. mai 1970 omhandla, var mellom anna:

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skade og ulempe for fiske. Bl.a. totalskada fiske i Ustedalsfjorden og i Usteelva frå Ustevatn til Ustedalsfjorden</li> <li>• Tap i turistnæring. Ikkje skade på turistnæringa</li> <li>• Skjemma utsjånad og skjemma utsikt. Salgslyte for eigendommar ved Nygårdsvatn. Erstatning i beskjeden utstrekning for Ustevatn.</li> <li>• Båtdrag. Ikkje for Finsevatn og Ustedalsfjorden. Beskjeden for Ustevatn og Sløtfjord. For Rødungen og Nygårdsvatn ulempeerstatning.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vassforsyning</li> <li>• Tomter nedanfor avskjærande kloakkledning på Geilo</li> <li>• Kloakktihøve</li> <li>• Husdyr på beite</li> <li>• Fordyring ved bygging av framtidige naust mv.</li> <li>• Fallrettigheter</li> <li>• Kamuflasje av tipper</li> <li>• Neddemt grunn</li> <li>• Isvegar</li> </ul>
--	--

Tabell 9. Faktaboks om vurderingar i skjønn

I 2017 blei det utbetalt årleg vassdragserstatningar på om lag 1,5 MNOK, fallrettserstatningar på om lag 0,5 MNOK, samt erstatningar for tiltak (bruver/vegar, kloakk) på knappe 1,6 MNOK frå FHR for reguleringa. Det vert òg gjeve årleg næringsfond til vertskommunane på til saman 1,7 MNOK (det meste går til Hol kommune og Ål kommune).

### Avbøtande tiltak

Som følge av vilkåra og private avtaler i skjønn, er det gjennomført og vert det gjennomført avbøtande tiltak på reguleringa sine konsekvensar. En rekke tilhøve er utført ein gong for alle, mellom anna rydding av strandsona, arrondering av tippar og utbygging av veger og bruker. Fleire tilhøve krev likevel laupande oppfølging, bl.a. fiskeundersøkingar og utsetting av fisk, vedlikehald av biotoptiltak, tersklar og vasspegel, erosjonssikring og generell miljøovervaking.

### **Erfarte skader og ulemper som følgje av reguleringa, med særleg vekt på fisk, friluftsliv, erosjon, landskap, naturens mangfold, kulturminne og andre miljøforhold**

FHR meiner at det på et overordna nivå ikkje er opplevd skadar og ulemper ved utbygginga som ein ikkje så føre seg på konsesjonstidspunktet. Etter FHR sitt syn hadde konsesjonsstyresmaktene eit godt avgjerdssunderlag då konsesjonane blei gitt. Kommunane er einig i avgjerdsgrunnlaget, men meiner at det over tid har oppstått og utvikla seg ulemper for miljøet på visse stader i reguleringa som ein må forsøke å avbøte, sjå observasjonane under.

Oversiktene under er basert på innspel gjennom utgreningsprosessen som starta i 2015. Listene gjer oversikt over tilhøve som er observert, registrert og identifisert av kommunane, private, E-CO eller andre.

## Observerte skader og ulemper for fisk og fiske

<b>Skade eller ulempe</b>	<b>Lokalisering</b>	<b>Observatør (kjelde)</b>	<b>Kommentar</b>
Fisk Miljømål	Usteåne	Hol kommune  Plan for vassforvalting for Vest-Viken	Hol kommune meiner tilhøva for fisk og fiske ikkje er gode nok i vassdraget.  Miljømålet er grunna i fisk og botndyr, samt friluftsliv, landskap og turisme. Miljømåla for vassførekomstane er i Vann-Nett satt til GØP, «Dagens tilstand».
Fisk Regulering	Rødungen	Ål kommune Grunneigararar	Ål kommune meiner at Rødungen fungerer därleg som leveområde for fisk.
Nedgang i fiske	Ustevassdraget	Hol kommune	Hol kommune meiner fisket er blitt därlegare i vassdraget
Ørekyte	Generelt	Hol kommune	Hol kommune meiner at ørekyte har kome som fylgje av reguleringa/utsettingspålegg, og at regulanten må iverksette tiltak mot ørekyte i vassdraget
Gjengroing, slam, siv	Ustedalsfjord Veslefjorden Slåttahølen	Hol kommune	Hol kommune meiner at reguleringa har ført til nedslamming og gjengroing av delar av vassdraget som er negativt for fiske og friluftsliv.
Grønske og gjengroing med effekt for fiske	Strandafjord	Strandafjorden fiskeigarlag Ål kommune	Problem med grønske i garn.  Fiskeinteressene ynskjer at ein unngår nattkjøyring frå midten av juni til 1. august, samt at vasstanden ikkje må regulerast under kote 444,4 m.o.h. Ål kommune støttar kravet frå grunneigarane.
Gjengroing	Oppsjø Tingvollfjorden	Ål kommune	Gjengroing av grunne parti ved land. Tilgroing i vassdrag er eit naturleg fenomen, samtidig som det har vore tilført næringssalt frå landbruk og avløp. Problem med grønske i garn.
Tersklar	Usteåne og Ustedalsfjorden	Hol kommune	Hol kommune meiner tersklar må rehabiliterast med vekt på djupål og passering for folk for Ustedalsfjorden.

Skade eller ulempe	Lokalisering	Observatør (kjelde)	Kommentar
Oppgradering tersklar	Hallingdalselva	Ål kommune Gol kommune	Kommunane meiner at områder mellom tersklar også må dekkast av ein plan for tiltak om biotopjustering i elva
Miljømål	Hallingdalselva	Plan for vassforv. for Vest-Viken	Miljømålet er grunna i fisk og botndyr, samt friluftsliv, landskap og turisme
Miljømål	Rukkedøla	Plan for vassforv. for Vest-Viken	Betre miljøtilstand
Ikkje minstevassføring	Rukkedøla	Nes kommune Tor Dalevold	Fare for tørrlegging. Problem med lite vatn for aure på sommaren

Tabell 10. Registrerte skader og ulemper for fisk og fiske

Det er vurdert om innføring av minstevassføring kunne ha gitt betre tilhøve for gyting i sidebekkane nedstraums inntaka på Nes-tunnelen (Kulu, Ridøla, Lya, Votna og Dokkelva). Konklusjonen på felles faglege vurderingar mellom partane er at bekkefara ned mot Hallingdalselva er så sterkt modifiserte og med såpass verknadslause effektar for gyte- og oppveksttilhøva, at innføring av minstevassføring ikkje har nokon hensikt. Dei områdane som er tilgjengeleg for fisk å vandre opp frå Hallingdalselva var også før utbygginga små. Dessutan er vassførekomstane definert som SMVF med tilstanden i dag som miljømål i den endelige versjonen av Plan for vassforvalting for Vest-Viken (Vann-Nett 07.03.2018). Partane er einige om at ressursane bør kanaliserast til miljødesign i hovudvassdraget.

#### Observerte skader og ulemper for biologisk mangfold

Skade eller ulempe	Lokalisering	Observatør (kjelde)	Kommentar
Villrein	Finseområdet Ørterenområdet	Villreinnemda	Villreinnemda ønsker at tilhøva for villrein blir tatt omsyn til i vilkårsrevisjon.

Tabell 11. Registrerte skader og ulemper biologisk mangfold

I e-post frå 3. april 2017 til E-CO skriv Nordfjella og Fjellheimen villreinnemd:

«Villreinnemnda ønsker seg en helhetlig tilnærming der en ser på påvirkningen fra kraft for hele villrenområdet, dette er bedt om både i høringen til Holsrevisjonen og i revisjonskravet til Aurlandsvassdraget. I dette bildet kommer Uste-Nesvassdraget i ytterkant, men det er viktig i dynamikken mellom Hardangervidda og Nordfjella, som før menneskelig inngripen var sammenhengende deler av ett stort leveområde for rein i Langfjella».

Torgrim Breiehagen (Ål) har spelt inn at tilhøva for fugl er svært viktig i reguleringa (Strandafjorden og Hallingdalselva). Han har nemt at reguleringa både har positive og negative sider for fuglefaunaen.

## Observerte skader og ulemper samfunnet

Skade eller ulemp	Lokalisering	Observatør (kjelde)	Kommentar
Landskap	Vika i Nygårdsvatn	Hol kommune, grunneigarar	Sidan oppfyllinga av Ustevatn er prioritert, jf. Manøvreringsreglementet, og magasinet blir brukt som flaumdempingsmagasin, vil Nygardsviki inn mot Vikastølen ofte ha bare strender i sommarsesongen. Landskapsituasjonen er som forventa, men er ikkje ønskeleg.
Landskap og vassfylling Rødungen	Rødungen	Ål kommune Grunneigarar	Landskapssituasjonen ved Rødungen er som forventa, men er ikkje ønskeleg. Det er på det reine at oppfylling av Ustevatn blei prioritert føre Rødungen i avgjerda for konsesjonen. Situasjonen er ikkje tilfredsstillande for Ål kommune og grunneigarane.
Båtdrag	Ustedalsfjorden Ørteren	Hol kommune Grunneigarar	Båtdrag tatt av flaumen. Ynskjer tilskott til båtdrag
Brygge og tiltak	Hotellkulpen ved Ustaoset	Grunneigarar Velet	Ynskjer tilskott til båtdrag og diverse tiltak
Skiløyper, kryssingar	Ustedalsfjorden Slåttahølen	Hol kommune	Sommarkryssing over terskel. Vinterkryssing ved innløpselva ved Slåttahølen.
Vatn til snøkanoner	Veslefjorden	Hol kommune	Næringslivet på Geilo treng vatn til produksjon av snø. Det er inngått privat avtale mellom FHR og Skiheisane på Geilo. På sikt kan behovet for vatn til snøproduksjon på vinteren auke, noko som ved uttak av vatn kan gå ut over (minste)vassføringa i vassdraget.
Risiko for flaum for Hallingdals- og Drammensvassdraget	Ustevatn	FHR/E-CO Hol kommune Nes kommune	Dersom tillaupet til Ustevatn er større enn flaumdempingsmagasinet og kapasiteten for overføring i tunnelen, vil ein måtte rekne med flaumvasstand på over 985,0, og flaumvatn går tapt. Høgaste tillate

Skade eller ulempe	Lokalisering	Observatør (kjelde)	Kommentar
			flaumvasstand er 985,7. For å hindre skadeflaum tapper FHR/E-CO på førehand frå Ustevatn til Rødungen i eit av fire år i siste 16-årsperiode, etter søknad til og aksept frå NVE. Erfarte hendingar og klimaendringar fører til at risiko for flaum er et sentralt tema i revisjonen.
Minstevassføring	Usteåne	Hol kommune	Morgondagen sine krav til vassføring er ikkje tilstrekkeleg ut frå omsynet til fisk, fiske, landskap og turisme for Hol kommune
Omlegging av bekk	Ørterdalen	Grunneigarar	Ved omlegging av ein bekk kan miljøtilstanden bli betre for fiske i Ørterdalen for eit privat sameige.
Elva som recipient	Geilo Ål (Torpo)	Hol kommune Ål kommune	Kommunane ønsker ivaretaking av elva som recipient. Hol kommune er spesielt opptekne av recipientkapasiteten nedstraums Geilo. FHR meiner at alle forhold som gjeld elva som recipient er ivareteke i konsesjonsvilkår og avtale mellom partane av 19.12.1978. Det vert synt til ei avtale mellom Ål kommune og E-CO om bruk av tillauptunnelen til Nes kraftverk som recipient i framtida.
Erosjon	Flå	Flå kommune	Naudsynt erosjonssikring og reparerande tiltak vert gjort laupande i tråd med konsesjonsvilkår og skjønn

Tabell 12. Registrerte skader og ulemper for samfunnet

Det er ikkje erfart skader eller ulemper innan kulturminne.

## Observerte skader og ulemper av økonomisk karakter

Skade eller ulempa	Lokalisering	Observatør (kjelde)	Kommentar
Storleik på avgifter	Konsesjonsavgift	Hol kommune Ål kommune	Hol kommune ynskjer høgare konsesjonsavgifter, og heve dei opp til «dagens nivå». FHR meiner dette ligg utanfor instituttet.
Nærings- og miljøfond		Hol kommune Ål kommune	Kommunane ynskjer nytt nærings- og miljøfond for å bøte på skader som ikkje er innanfor standardvilkår. FHR meiner dette er kompensert i pkt. 20 i løyvet.

Tabell 13. Registrerte skader og ulemper av økonomisk karakter

Det vert gjeve om lag 1,7 MNOK årleg i næringsfond til kommunane. Partane er ikkje einige om spørsmålet om avgifter og fond er ein del av revisjonen, og er einige i at det er opp til sentrale styresmakter om avgifter og fond skal opp til vurdering.

### Status jamført med vassforskrifta

EU sitt rammedirektiv for vatn (vassdirektivet) og vassforskrifta er sentrale regelverk som må takast omsyn til i revisjonsprosessen. Dei lokale analysane for tiltak og forvaltningsplanen gjer nyttige innspel til prioriteringane av miljøomsyn og kva for tiltak som bør vurderast i revisjonen. Forvaltningsplanen skal leggjast til grunn for revisjonen. Planen for vassforvaltning for Vest-Viken blei godkjent 4. juli 2016 av Klima- og miljødepartementet<sup>3</sup>. Dei gjeldande miljømåla er lagt inn i Vann-Nett, og per 7. mars 2018 er alle aktuelle innsjøar og elvestrekningar med påverking frå vasskraft gitt miljømålet «god økologisk tilstand ikke realistisk». Alle vassførekomstane er satt til SMVF (sterkt modifisert vassførekomst) grunngjeve i vasskraftreguleringar.

Planen for vassforvalting sine tiltak har berre til hensikt å forbetre den økologiske tilstanden i vassdraget, medan vilkårsrevisjon kan omfatte tiltak for forbetring av fleire andre miljøtilhøve. Målet er at vilkårsrevisjon er gjennomført innan utgangen av 2021, og at miljøtiltak vert gjennomført dei kommande åra.

<sup>3</sup> <https://www.regjeringen.no/contentassets/c85fcdd2d78f4e01948e687e52a30937/vannregion-vest-viken-for-planperioden-2016-2021-326686.pdf>

## DEL 2: VURDERINGER OG FORSLAG

### Partane sine vurderinger av eksisterande vilkår og ein vurdering av behovet for endringar

Regulanten meiner at eksisterande vilkår i hovudsak fungerer bra. Utbygginga og reguleringa har ikkje ført til skader og ulemper som i vesentleg grad ikkje er ivareteke gjennom vilkåra. Det har etter regulanten sitt syn ikkje oppstått skadeverknader som ikkje ein kjente til etter at konsesjonen vart gjeve. Det har vore få konfliktar mellom regulanten, grunneigarar og andre med rettar i vassdraget.

Konsesjonen blei gitt etter omfattande medverknad lokalt og handsaming hjå styresmaktene og i Stortinget sentralt. Det var særleg omsynet til turisme og friluftsliv som var betent i konsesjonshandsaminga. Vilkåra i søknaden til løyve blei derfor endra gjennom prosessen, med det resultat at reguleringa av Ustevatn blei mindre, at Rødungen blei introdusert som nytt magasin i reguleringa og at vilkåra for særleg Ustevatn blei stramma opp.

Etter over 50 år med regulering i vassdraget er folk og næringsliv langs vassdraget blitt vant til situasjonen, men det er ein del erfaringar som partane meiner kan bidra til justeringar i vilkåra i vilkårsrevisjon likevel. I tabellane under er det gjever oversikt over tilhøve som er kome opp til vurdering.

#### Forslag til endringar knytt til minstevassføring

Krava til minstevassføring som gjeld i dag er attgjeve i kapittelet om Framstilling av manøvreringsreglement og manøvreringspraksis. Det er kome forslag til auka minstevassføring i vassdraget i Usteåne målt ved Geilo bru, samt i Rukkedøla.

Krav eller trong for endring.	Vurdering av dokumentasjon	Aktuelle endringar	Mogeleg miljøeffekt eller nytteeffekt*
Usteåne nedstraums dam Ustevatn	God	Auka minste-vassføring ved Geilo bru	Kan føre til liten positiv effekt for fisk, fiske og landskap
Usteåne ved Geilo	God	Auka minste-vassføring ved Geilo bru	Kan føre til middels positiv for fisk, fiske og friluftsliv og liten positiv for landskap
Hallingdalselva	God	Ingen	
Rukkedøla	Middels/God	Minstevassføring	Kan føre til liten positiv effekt for botndyr, fisk og landskap

\*Miljøeffekten eller nytteeffekten er grovt framstilt her. Ei konkretisering av minstevassføring vil bli gjort ut frå ei kost-nytte-analyse. For miljøeffekten eller nytteeffekten bruker vi ordbruken frå KU-metodikken – samanstilling av konsekvensgrad.

Tabell 14. Aktuelle endringar til minstevassføring

Regulanten og Hol kommune er einige om at det kan vere positive effektar av ei auke av vassføringa i Usteåne, særleg om sommaren, for fisk, fiske og landskap.

Frå Strandafjorden til Hallingdalselva er det i dag krav om ei minstevassføring i vilkåra på nivå med Q95 heile året. Vassføringa varierer likevel – og særleg sommarstid – på grunn av avrenning frå restfeltet og tidvis overlaup. Det er generelt godt med fisk i elva. Partane er samde om at vassføringa i Hallingdalselva er tilstrekkeleg og at vilkåra for minstevassføring der er gode, men at det er trong for tiltak i tråd med kunnskap om «miljødesign» ein har i dag. Dagens vassføring legg godt til rette for fisk og fiske på strekninga, og kan etter partanes vurdering ikkje grunngje tiltak i form av auka vassføring i vilkårsrevisjon. Partane er òg einige om at det er lite å hente for miljøet ved miljøtiltak/minstevassføring i bekkeinntaka på tillauptunnelen til Nes kraftverk.

I Rukkedøla er det ikkje krav til minstevassføring. Regulanten og Nes kommune er einige om at det kan vere positive effektar av ei vassføringa i Rukkedøla som gjer at ein unngår tørrlegging, og dermed gje betre vilkår for botndyr og fisk, men og betre oppleving av landskapet. Ein er einige om at det trengs eit minste krav til vassføring i Rukkedøla. Nes kommune ynskjer måling av vassføring i kulturparken.

#### Forslag knytt til endringar i vilkår for magasin

Krava til magasinvilkår som gjeld i dag er attgjeve i kapittelet om Framstilling av manøvreringsreglement og manøvreringspraksis. Vi syner også til sjølve manøvreringsreglementet i vedlegg 1.

**Reguleringa sitt verke for tryggleiken i samfunnet.** Etter reguleringa er det ikkje hendt flaumar som har gitt skadar i hovudvassdraget ned til Nes. Magasina har ved fleire tilfelle dempa flaumane i Hallingdalselva kraftig (jf. pressemeldingar på [www.e-co.no](http://www.e-co.no)). Ein må rekne med at store smelteflaumar med skadepotensiale i Hallingdal kan skje i framtida. Innføring av nye og strenge magasinrestriksjonar kan auke risikoien for flaum. Etter E-CO sitt syn er det avgjerande at manøvreringsreglementet ikkje får strengare vilkår. Det hender at vasstag/flaumtap skjer i reguleringa i dag, men ikkje kvart år. Det blir tappa på førehand dersom det er fare for at nivået i Ustevatn kan stige over HRV. FHR/E-CO har fleire gonger søkt NVE om dispensasjon frå manøvreringsreglementet og fått det godkjent for å redusere faren for flaum (2008, 2007, 2005, 2003 og 1993). Desse erfaringane peikar mot behovet for ein meir fleksibel manøvrering i vassdraget. Ut frå omsynet til flaumtryggleik er endringar av vilkåra vurdert, også slik at det ikkje er behov for å söke om dispensasjon for å dempe flaum ca. kvart tredje til fjerde år.

For Hol kommune er det særskilt viktig å unngå flaumsituasjonar på Geilo. Ål kommune er positive til tiltak som gjev betre flaumdemping, som til dømes tidleg overføring til Rødungen, av di det òg gjer miljøgevinst i Rødungen. Nes kommune er opptekne av å unngå flaumsituasjonar på Nesbyen. Kommunane peiker samstundes på at alle forhold må vegast mot kvarandre i ei heilskapleg ramme.

Det er kome forslag til justering av vilkåra for fylgjande magasin:


Krav eller trøng for endring	Vurdering av dokumentasjon	Aktuelle tiltak eller endringar	Mogeleg miljøeffekt eller nytteeffekt
Ustevatn	God	Auka fleksibilitet for tapping og oppfylling	Middels positivt for flaumrisiko Ubetydeleg/liten negativ for landskap
Rødungen	God	Auka fleksibilitet for tapping og oppfylling	Middels/liten positivt for landskap Middels positiv for fisk
Strandafjorden	God	Unngå «nattkøyring» frå medio juni til 1. august og halde fjorden over kote 444,4.	Mogeleg positiv nytte for utøving av fiske.

\*Miljøeffekten eller nytteeffekten er grovt framstilt her. Ei konkretisering av magasinvilkår vil bli gjort ut frå ei kost-nytte-analyse. For miljøeffekten eller nytteeffekten bruker vi ordbruken frå KU-metodikken – samanstilling av konsekvensgrad.


Tabell 15. Aktuelle endringar til magasinvilkår

I Innspelsdokumentet datert 17. oktober 2017 blei det foreslått å kunne overføre 15 Mm<sup>3</sup> i smelteperioden frå Ustevatn til Rødungen, og auke flaumbufferen i Ustevatn gjennom sommaren frå 984,5–985 til 984–985. Etter høyringa vart nye analyser gjennomført (Notat Analyse av flaumrisiko i Ustereguleringen, 30. januar 2018). Analysane peika på at eit mykje betre tiltak enn å auke flaumbufferen med 0,5 m vil vere å la regulanten ha fridom til å la flaumvasstanden i dei store regulerte vatna gå over dei grensene som er fastsett i manøvreringsreglementet sitt pkt. II. 2. Vilkåra tillèt per i dag ein flaumvasstand i Finsevatn +50 cm over HRV, Ørteren +30 cm over HRV, Nygårdsvatn +90 cm over HRV og Ustevatn +70 cm over HRV. Statistikk syner at ein sjeldan går over HRV i flaumsituasjonar, men at ein for Ustevatn har hatt aukande trøng for å gå over HRV. Det er gjeve erstatning i skjønn for flaumvasstand opp til dei nemnte høgdene.


Figuren under viser at det tidlegare kunne gå fleire år mellom kvar gong Ustevatn gjekk over HRV på kote 985, men at hyppigheita har auka dei siste åra. Ustevatn har til no ikkje vore høgare enn kote 985,35. Ved å la Ustevatn stige over HRV haldast ein del vatn tilbake i mogelege kritiske situasjonar. Det er et effektivt hjelpemiddel for å redusere ein eventuell skadeflaum. Det er venta at tilsigsauka vi har registrert dei siste åra, vil fortsette. Med reglementet vi har i dag kan det derfor bli større trøng framover for å halde vatn tilbake ved å la Ustevatn stige over HRV. Trøngen er der heile sommaren for ein kombinert smelte/regnflaum i starten av juli til ein seinhaustes regnflaum som til dømes i slutten av oktober i 2014.




Figur 14. Ustevatn



Figur 15. Nygårdsvatn



Figur 16. Ørteren



Figur 17. Finsevatn

Overordna vurderingar indikerer at ein flaumvasstand i Ustevatn over kote 985,7 (70 cm over HRV) kan inntrefje ein gong kvart 100. år. FHR er klår over at skader som fylgje av ein flaumvasstand går over kote 1215,5 i Finsevatn, kote 1147,3 i Ørteren, kote 995,9 i Nygårdsvatn og kote 985,7 i Ustevatn vil måtte erstattast av regulanten. Det er svært få hus, hytter eller infrastruktur som vert råka av auka flaumvasstand. Skader på brygger og båtnaust kan skje, samt erosjonsskader.

FHR og Hol kommune og dei andre vertskommunane meiner at skadane ved å tillate auka flaumvasstand i magasina er mykje mindre enn skadane ein auka stor skadeflaum i Usteåne for Geilo og vassdraget nedstraums vil gje.

Partane er einige i at vilkåra i konsesjonen må utformast slik at dei opnar for betre og naudsynt flaumdemping. Hol kommune og dei andre vertskommunane er einig i at vilkåra for høgste flaumvasstand i dei nemnte magasina bør fjernast frå vilkåra av omsyn til flaumdemping<sup>4</sup>.

**Landskap og friluftsliv.** Temaet var sentralt i samband med konsesjonsprosessen på 1960-talet. Det var den gongen etablert interessegrupper mot reguleringane, og reiselivsnæringa hadde sterke innvendingar mot tiltaket. Det blir synt til St.prp. nr. 40 (1961–62). Det blei derfor tatt omfattande omsyn til landskap og friluftsliv i utforminga av (detaljane) i manøvreringsreglementet. Det var heilt klårt ved konsesjonstidspunktet at reguleringa ville påverke opplevinga av landskapet langs riksveg 7 og Bergensbanen på fjellet i Hol. E-CO oppfattar vilkåra for denne reguleringa, manøvreringa med oppfyllingskrav, som ei av dei strengaste i Noreg for å ta omsyn til landskap og friluftsliv. Etter regulanten sitt syn har utviklinga for friluftslivet og reiselivet i regionen gått som forventa eller betre. Til trass for kraftliner, kraftutbygging og regulering er området svært attraktivt for friluftsliv og reiseliv. Området er mykje brukt til naturbasert friluftsliv, fotturar, sykling og jakt og fiske. Områda rundt Ustevatn og Geilo er blant dei mest populære i landet. Nasjonalparkar og verneområde

<sup>4</sup> «Revisjonen skal også gi anledning til å oppheve vilkår som har vist seg urimelige, unødvendige eller uhensiktsmessige», jf. OEDs retningslinjer for revisjon side 10.

er etablert i og nær reguleringa etter at løyvet til reguleringa blei gitt. Vassdragsreguleringa har verken hindra etterfølgande vern eller aktiv bruk av områda.

Regulanten opplev at innbyggjarane i vertskommunane, turismen og næringslivet har tilpassa seg reguleringane. Etter over 50 år med vassdragsregulering meiner FHR/E-CO at er det en lokal forståing for behovet for vassdragsregulering og kraftproduksjon. Dersom ein samanliknar tilstanden ut frå differansen mellom opphaveleg naturleg tilstand og tilstanden i dag, kan påverkinga bli oppfatta som stor.

Dersom ein tek omsyn til dei venta verknadene av reguleringa på konsesjonstidspunktet, retningslinjene for vilkårsrevisjon frå OED og kva for realistiske moglegheiter ein har for betre oppleving av landskapet og auka omfang av friluftsliv av nye restriksjonar veia mot kostnadene, er det etter regulanten sitt syn ikkje aktuelt med vesentleg endra vilkår i reguleringa.

For Hol kommune og Ål kommune er omsynet til reiselivet viktig. Grunnlaget for reiselivet i regionen er naturen. Dei viktigaste reiselivsprodukta er knytt til naturbaserte opplevingar, dei kulturelle særtrekka og tilbodet som vert gjeve til hytteeigarar og turistar. Heilt konkret er viktige lokaliseringar for reiselivet nær vassdraga:

- Finsevatn/Rallarvegen: turterring og sykling
- Ustevatn/Ustaoset/Haugastøl: skiløyper og turterring
- Ustedalsfjorden rundt: skiløyper og tur- og sykkelveg
- Ustedalsfjorden, Veslefjorden og Slåttahølen: badeplassar, fiskemogelegeheter og friluftsliv
- Usteåne: turløyper, landskapsoppleving, fiske og friluftsliv
- Hallingdalselva: landskapsoppleving og fiske i nærliken av campingplassar, ferieparkar og stoppestader langs riksveg 7. Dette gjeld særleg kommunane Ål, Gol, Nes og Flå

Partane er einige i at Uste- og Hallingdalsvassdraget er av stor verknad for friluftsliv og turisme i regionen. Utviklinga i friluftslivet og turismen har ikkje blitt stogga av vassdragsreguleringa.

Partane er einige i at noko meir vassføring i Usteåne særleg om sommaren i tørre periodar kan ha positiv verknad på fisk og fisketurisme i Usteåne ved Geilo. Partane er einige i at mindre justeringar på oppfyllingskrava av Ustevatn vil gje marginale konsekvensar for friluftsliv og reiseliv.

Forslag knytt til tiltak innanfor standardvilkår for naturforvalting

Miljø- eller nytteeffekten er avhengig av omfanget av tiltak. I tabellen under er det lagt til grunn at ein finn fram til og realiserer tiltak med positiv kost-nytte-vurdering.

Krav eller trong for endring	Vurdering av dokumentasjon	Aktuelle tiltak eller endringar	Mogeleg miljøeffekt eller nytteeffekt
Usteåne frå dam Ustevatn	God	Miljødesign*	Liten positiv
Ustedalsfjorden	God	Miljødesign	Middels positiv
Usteåne	God	Miljødesign	Positiv
Rødungen	Middels	Miljødesign	Middels positiv
Hallingdalselva	God	Miljødesign	Positiv
Røye/sik i vassdraget	God	Må vurderast i kvart tilfelle	Usikker
Øreklyte i vassdraget	God	Må vurderast i kvart tilfelle	
Prøvefiske Kompensasjonsutsettingar	Svært god	Laupande vurdering av utsetjingsvolum	Positiv

\*Med Miljødesign meinast ein strukturert metode for å kome fram til dokumenterte verknadsfulle miljøtiltak for å betre levetilhøva for fisk og anna akvatisk liv i vassdraget. Ein stiller ein diagnose for vassdraget, identifiserer flaskehalsar for fiskepopulasjonen og konkluderer med tiltak i form av habitatendringar eller endringar i vassføring.

Tabell 16. Forslag innanfor standardvilkår

Det var rekna med i konsesjonshandsaminga at fisket ville bli svekka som følge av reguleringa. Aurestamma i Usteåne og Hallingdalsvassdraget er framleis reproduktiv, levedyktig og stabil, og fisket er av ein viss økonomisk storleik for grunneigarar og næringsliv.

Når det gjelder status for fisk på dei ulike strekningane, kan den oppsummerast slik:

- Usteåne frå Ustevatn til Ustedalsfjorden. Strekninga er lite viktig for fiske i dag. På strekningen frå Ustevatn og ned til Juvet er elvebotnen i stor grad dominert av fjell og stor blokk og habitatkvaliteten er låg. Nedre del frå Juvet og ned til Ustedalsfjorden bidrar som gyte- og oppvekstområde for aure som vandrar ut i Ustedalsfjorden. Sideelva Eimåne bidrar med god restvassføring delar av året.
- Usteåne frå Ustedalsfjorden til samlaupet med Storåne. Det er god rekruttering på heile strekninga. Det er gode forhold for større fisk i dei etablerte terskelbassenga. Lengre ned frå Breifossbrue fell elva bratt i eit juv store delar av strekninga. Usteåne har fleire hindre for vandring, men fisk kan sleppe seg ned med elva. Viktigaste fiskeområde er oppstraums og nedstraums Geilo.
- Storåne/Usteåne frå samlaupet ned til Strandafjorden. Sidan restfeltet er såpass stort er det stabil vassføring over året i elva. Dette gjer stabile gyte- og oppvekstvilkår for aure. Fisket på strekninga er godt og fiskeforvaltninga er profesjonell på strekninga.

For dokumentasjon for status for fisk i magasina syner vi til fagrapportar for vassførekomstar i Uste- og Hallingdalsreguleringa, samt delrapportar for ulike magasin og elvestrekningar. Sjølv om det blir sett ut fisk i reguleringsmagasina, er det likevel ein viss reproduksjon av naturleg tilhøyrande fisk. Fisket etter aure i reguleringsmagasina er etter E-CO sine erfaringar godt, særleg i Ørterenmagasinet og Strandafjorden. Status for fisk i magasina kan ikkje vere

grunnlag for endringar i magasinrestriksjonar, utanom for Rødungen. I Rødungen er aurefisket därleg med smålåten fisk, mykje grunna reguleringa, men òg manglande uttak av fisk og at ressursane er delt mellom aure, røye, sik og ørekyte. Det er komplekse samanheng som må vurderast inngåande før ein gjer fysiske tiltak.

### Forslag knytt til andre høve

Det er kome forslag innan andre område også. Desse er gjengjeve summarisk i tabellen under:

Krav eller trøng for endring	Vurdering av dokumentasjon	Aktuelle tiltak eller endringar	Mogeleg miljøeffekt eller nytteeffekt
Villrein og vandringsvegar	Middels.	FHR ser ikkje at det finns aktuelle tiltak for å betre vandring og levetilhøve for villreinen i Nordfjella i reguleringsområdet (Finsevatn og Ørteren) utan å endre på sjølv konsesjonen. FHR vil og peike på at utviklinga av andre samfunnsinteresser i dette området har større tyding for villrein enn effekten av reguleringa.	Ubetydeleg
Båtdrag Ustedalsfjorden og båtferdsel	God	Privat forhold, men båtdraget har vore nytta av allmennheta.	
Båtdrag Rødungen	God	Privat forhold.	
Terskel i nordre enda av Rødungen	Middels	Det er eit ynskje lokalt om ein terskel i området der Langevannsbekken renn inn i Rødungen (og av omsyn til fisk).	Usikker
Båtdrag og brygger Ustevatn og Ustaoset	God	Privat forhold (velet).	
Båtdrag og brygger Ørteren	God	Privat forhold.	
Terskel Vika i Nygårdsvatn	Middels	Å bygge terskel i Vika er truleg svært kostnadskrevjande dersom den skal være funksjonell.	Liten til ubetydeleg, da tiltak berre vil ha effekt i nokre

Krav eller trøng for endring	Vurdering av dokumentasjon	Aktuelle tiltak eller endringar	Mogeleg miljøeffekt eller nytteeffekt
			veker i oppfyllingsperioden.
Resipientforhold Geilo og Ål	Middels/god	Handtert i avtaler. Det er avtalt kostnadseffektive løysningar for Ål. For Geilo er vassføringa i Usteåne viktig. Fylgjast opp av Hol kommune.	Usikker. Overvaking Usteåne nedstraums Geilo reinseanlegg blir vidareført.
Passering terskel Ustedalsfjorden	God	Privat/allmennheta.	Betre passering for folk.
Skiløyper Ustevatn	God	Justering av trase.	Utført: laupande kontakt mellom partane
Omlegging av bekk i Ørterdalen	God	Privat forhold.	
Vatn til snøproduksjon på Geilo	God	Privat forhold.	

Tabell 17. Forslag knytt til andre høve

Private forhold er handtert i skjønn og fell utanom vilkårsrevisjon. Etablering av terskel i Vika i Nygårdsvatn vil ha små positive effektar og vere svært kostnadskrevjande. Det er einigheit mellom partane at andre miljøtiltak er mykje viktigare å utgreie/gjennomføre.

**Naturmangfold elles.** Reguleringa har minimal eller ingen negativ påverknad på villrein og jakt. Det er ikkje registrert viktige naturtypar i eller nær vassdragsstrekningen i Usteåne eller i magasina. I Hallingdalselva er det førekommst av lokalt vasstilknytta verdifulle naturtypar ved Nes og Gol, som ikkje er trua av vassdragsreguleringa. I Ål er det ei bukt Tangevike i Strandafjorden, som er ein viktig naturtypelokalitet og som bør takast vare på. Naturtypen er godt tilpassa variasjonane i vasstand i Strandafjorden, som har vore døgnregulert i over 50 år. Sidan Strandafjorden ikkje vert islagt om vinteren, er dette ein viktig oppholdslass for vadefugl. Fleire raudlisteartar er registrert her. Langs Hallingdalselva nedstraums Strandafjorden ligg det inne fleire lokalitetar med flaummarkskog (sjå Naturbasen for detaljer). Dei lokale flaumane som hender i Hallingdal kan være store og bidrar til å halde flaummarkskogen langs elva oppe.

Partane er einige i at det ikkje er tilhøve ved dagens status for naturmiljøet som kan bli nemneverdig betre ved tiltak innanfor vilkårsrevisjon, utanom å sjå nærmare på dei tema som er nemnt innanfor fisk og botndyr.

### Andre (økonomiske) tilhøve

Andre økonomiske tilhøve er spørsmål som partane er einige om å være ueinige om.

Regulanten meiner krava i tabellen under ligger utanfor vilkårsrevisjon, medan vertskommunane meiner krava er relevante for vilkårsrevisjon.

Krav eller trøng for endring	Vurdering av dokumentasjon	Aktuelle tiltak eller endringar	Mogelg miljøeffekt eller nytteeffekt
Nærings- og miljøfond – kompensasjon	God	Kommunane ønsker auka kompensasjon. FHR meiner økonomiske tilhøve ligg utanfor vilkårsrevisjon.	<u><b>Partane er einige i å være ueinige på desse punkta.</b></u>  Det blir opp til NVE/OED å fatte vedtak innanfor rammene av vilkårsrevisjon.
Storleik på avgifter	God	Kommunane ønsker auka avgifter. FHR meiner økonomiske tilhøve er utanfor vilkårsrevisjon.	

Tabell 18. Forslag til endringar innan økonomi

### Partane sine forslag til endringar i vilkåra, aktuelle avbøtande tiltak og moglegheiter for O/U-prosjekter

Partane er einige i at ein skal streve etter løysingar som både gjev positive verknader for private, allmennheta, kommunane og regulanten. Oppsummering av aktuelle tilnærmingar eller forslag til endringar i vilkåra: Partane er einige om at følgande forhold bør medverke til justeringar i gjeldande løyve med vilkår:

- Omsynet til flaumrisiko
- Omsynet til fisk, fiske og friluftsliv

Partane er einige om at privatrettslege forhold som er kome opp i prosessen må bli handert bilateralt mellom regulanten og grunneigar. Forhold som er handert i skjønn, som er erstatta eller som det blir gitt kompensasjonar for årleg, vil etter FHR sitt syn ikkje vere gjenstand for forhandling eller ytterlegare tiltak.

**Partane er einige i at nye Standard naturforvaltningsvilkår vil bli innført. I medhald av desse vil Fylkesmannen og NVE kunne pålegge miljøtiltak som har positiv kost-nytte. Typiske eksempel er innan miljødesign for betre tilhøve for fisk, botndyr og fiske.**

Når det gjelder O/U-prosjekter i reguleringsområdet har Ustekveikja kraftverk DA søkt om utviding av tilgjengeleg regulering av Tungavatn. Det er et opent spørsmål om Tungavatn framleis vil vere inntaksbasseng for kraftverket, eller om det vil defineraast til eit reguleringsmagasin i Ustereguleringa.

Poster i eksisterande vilkår som kan fjernast eller erstattast av standardvilkår:

Når det gjeld vilkåra i løyvet for FHR til å foreta reguleringar og overføringer i Uste- og Hallingdalsvassdraget, gitt i kgl.res. 20. juni 1962, kan desse verte oppdatert og inkludert felles vilkår for heile reguleringa (ved å slå saman dei tre løyva til eit revidert).

Gjeldande vilkår post	Kommentar
1. Konsesjonstid	Oppdaterast ifylgje standardvilkår <sup>5</sup>
2. Innløysing	Kan fjernast
3. Konsesjonsavgifter	Opp til myndigheitene (merk: ueinigkeit mellom partane)
4. Betaling av avgifter og konsesjonskraft	Opp til myndigheitene (merk: ueinigkeit mellom partane)
5. Byggefrist	Kan fjernast
6. Krav til norske varer	Kan fjernast
7. Norsk forsikring	Kan fjernast
8. Forpliktingar for arbeidarar	Kan fjernast
9. Legehjelp, helseteneste og arbeidsmiljø	Kan fjernast
10. Husrom og arbeidstvistar	Kan fjernast
11. <ul style="list-style-type: none"> <li>- Erstatning og vedlikehald av vegar og bruer</li> <li>- Veg om bruomlegging (DNT, Verpestølen mm.)</li> <li>- Sundet Bromma</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Skal oppretthaldast og vert inkludert i ny generell post</li> <li>- Kan fjernast</li> <li>- Kan fjernast</li> </ul>
12. Avhjelpe skader og ulemper for bygdefolket	Kan fjernast. Vert omfatta av moderne vilkår
13. Forsorgsutgifter	Kan fjernast
14. Sikringsarbeid	Skal oppretthaldast. Spesifisering av stader oppretthaldast.
15. Tersklar og strandutbettingsarbeid	Oppdaterast ifylgje standardvilkår. Spesifisering av stader kan fjernast.
16. Kloakkreinseanlegg	Dei tre første avsnitt er gjennomført og vidareførast i inngått avtale basert på posten og skjønn datert 19.12.1978. Siste avsnitt, post om slepp av minstevassføring, kan anten vidareførast i vilkåra eller bli inkludert i manøvreringsreglement sitt krav til minstevassføring.
17. Utsetting av yngel, fiskeribiologiske undersøkingar, fiskefond	Forenklast og oppdaterast ifylgje standardvilkår
18. Rydding av strandsone	Tiltak er gjennomført. Kan fjernast
19.	

<sup>5</sup> Med standardvilkår meinast generelle formuleringar i moderne vilkår, som til eksempel er gjeve i nytt løyve til reguleringa av Vinstavassdraget (2008).

Gjeldande vilkår post	Kommentar
- Løypeovergangar på spesifiserte steder - Markering på spesielt vis	- Spesifiserte stader for løypeovergangar oppretthaldast. - Markering av is vert formulert på generelt vis
20. Næringsfond	Opp til myndighetene (merk: ueinigkeit mellom partane)
21. Forsamlingslokale og allmenndanning	Kan fjernast
22. Planlegging av anlegg og drift	Oppdaterast ifylgje standardvilkår
23. Fløyting	Kan fjernast, da fløyting er nedlagt
24. Om vasslepp mm.	Oppdaterast ifylgje standardvilkår
25. Hydrologiske målingar	Oppdaterast ifylgje standardvilkår
26. Konsesjonskraft mm.	Eksisterande vilkår ifylgje NVE sine vilkår vert fylgt. Opp til myndighetene (merk: ueinigkeit mellom partane)
27. Bruk av driftsvatn	Kan fjernast, eller oppdaterast ifylgje standardvilkår
28. Fallet mellom Ørteren og Ustemagasinet	Fallet er utbygd og Hol kommune skal fortsett ha rett til å nytte reguleringa av Ørteren utan å delta i anleggsutgiftene.
29. Militære anlegg	Oppdaterast ifylgje standardvilkår
30. Gje frå seg vatn til Kula og Rukkedøla samt overvatningsanlegg	Annan vassforsyning etablert. Kan fjernast
31. Naturvern, kulturminne og opprydding	Oppdaterast ifylgje standardvilkår
32. Skjønnsmenn	Oppdaterast ifylgje standardvilkår
33. Kontroll	Oppdaterast ifylgje standardvilkår
34. Tinglysing	Oppdaterast ifylgje standardvilkår

Tabell 19. Forslag til oppdatering av vilkår (1)

Når det gjeld endringar i forelda vilkår i løyvet for FHR til å foreta overføring av Votna og Lya til Nes kraftverk, gitt i kgl.res. 5. juli 1968, kan desse verte oppdatert og inkludert i felles vilkår for heile løyvet/vassdraget. Følgande spesielle vilkår kommenterast:

Gjeldande vilkår post	Kommentar
15. Rydding	Kan fjernast
20. Vatn til vassforsyning frå Lya	Annan vassforsyning er etablert. Kan fjernast

Tabell 20. Forslag til oppdatering av vilkår (2)

Når det gjeld endringar i forelda vilkår i løyvet for FHR til å regulere Rødungen og å overføre avløpet til Hallingdalsvassdraget, gitt i kgl.res. 3. april 1970, kan desse verte oppdatert og inkludert felles vilkår for heile løyvet/vassdraget.

Følgande spesielle vilkår kommentererast:

Gjeldande vilkår post	Kommentar
7. Kompensasjon for krafttap	Avtale inngått. Post vidareførast.
13. Vatn til fløyting og hindring av overløp til Numedalslågen	Skal behaldast, men kan formulerast funksjonelt og ikke spesifikt som 1 m bølgjebrytar.

Tabell 21. Forslag til oppdatering av vilkår (3)

### Usteåne

For reguleringa er det i manøvreringsreglementet sitt pkt. 2, 4. ledd krav til minstevassføring:

*«Det skal slippes vatn fra Ustevatn slik at det til enhver tid opprettholdes en vassføring på minst 0,2 m<sup>3</sup>/s ved utløpet av Ustedalsfjord».*

Kravet vert handsama ved at vassføringa vert målt ved Geilo bru. Ved lågare vassføringar vert det slept ekstra vatn frå Tverrslag 1 (nedanfor Rennedalen). Kravet til minstevassføring vert dekka med tilsig frå restfeltet (Eima) for store delar av året. Sidan Ustevatn er nedregulert er det ikkje mogeleg å sleppe vatn frå dam Ustevatn før vasstanden har kome opp over kote 982,3.

FHR har fått utført analyser og vurderingar av tilhøva for fisk og groing i Usteåne. Analysane konkluderer med at elva har et potensiale for forbetring. Aktuelle tiltak er fjerning av siv og gjengroing, biotoptiltak og justering av tersklar. Også ein meir profesjonell fiskeforvaltning kan være aktuelt. Dagens vassføring er ikkje til hinder for å oppnå betre tilhøve for fisk, men partane er einige om at minstevassføringa bør bli auka av omsynet til fisk i elva i framtida.

Flaskehalsane for betre tilhøve for fisk og fiske er:

- Slam og gjengroing
- Oppvekstområda
- Fiskeforvaltning
- Ørekyst
- Vassføring

Partane er derfor einige i at FHR/E-CO etablerer ei miljøstrategi for vassdraget oppstraums og nedstraums Ustedalsfjorden ved Geilo. Målet vil vere å gjennomføre tiltak for å betre tilhøva for fisk og fiske innan ein periode på 10 år (2018–2028). Ein plan for miljødesign for vassdraget, som enda betre nytter pålagt minstevassføring vil bli lagd. Aktuelle tiltak skal ha positiv kost/nytte. Alle tiltak skal godkjennast av respektive myndigheter. For alle tiltak skal grunneigarar og råka partar bli høyrte. Samarbeide skal vere tett med vertskommune og elveeigarlag/grunneigarar i utvikling av planen og i gjennomføring av planen. Frist for å etablere en plan er utgangen av 2020. Planen skal leggast fram for sakshandsaming/ orientering i vertskommunane. Planen skal være grunnlag for søknad om enkeltiltak til myndighetene etter respektive lovgiving og (standard-)vilkår.

I Usteåne vil det vera naturleg å vurdere etablering av nye gyteareal i øvre del av elva samt modifisere eksisterande tersklar, auke habitatvariasjonen (til dømes ved hjelp av straumstyrarar, djupål mm) og sikre god vandring for aure. Det skal byggast ein fiskepassasje ved terskelen på Geilo bru i samband med ombygginga av vassføringsmålaren der. For detaljar sjå vedlegg 5.

**Partane er også einige i at auka vassføring, og særskilt sikring av ei god vassføring i sommarsesongen, vil ha positiv innverknad for fisk, fiske, friluftsliv og opplevinga av landskapet.**

#### Usteåne som recipient

Hol kommune ynskjer ikkje at Usteåne som recipient skal vere ei hindring for utvikling av Geilo-samfunnet. Hol kommune arbeider systematisk for å luke vekk lekkasjar og punktutslepp av avlaupsvatn og kloakk til Usteåne. Mange utbetringar er utført siste 2-3 åra. Kommunen eig og er ansvarleg for reinseanlegget som i dag har fysisk-kjemisk reining på Geilo. Vassmålingar og naturundersøkingar som FHR er kjent med eller har gjennomført syner at vatnet og det biologiske mangfaldet i Usteåne har tilfredsstillande kvalitet med eksisterande anlegg for avlaupsreinsing. Eit konsulentfirma skal utgreie forholda meir nøyne for Hol kommune våren 2018. Per i dag har ikkje Hol kommune rammeløyve for drifta av reinseanlegget på Geilo.

Som nemnt tidlegare fylgjer FHR og Hol kommune sine forpliktingar i avtale inngått 19.12.1978. I avtalen som omfattar «kloakkforholdene i Geilo reguleringsområde» heiter det:

*1. Denne avtale regulerer alle spørsmål som er reist, eller i framtiden kan reises, i forbindelse med pålegget i betingelsene i kgl.res. 20. juli 1962 for tillatelse til bl.a. reguleringer og overføringer i Uste-Hallingdalsvassdraget pkt 16, som lyder slik (for så vidt gjelder kloakkrenseanlegg):.....*

.....

*3.... Utbedringer, utvidelser, pålegg, rettelser og mangler m.v. er FHR uvedkommende hva enten det foreligger ved denne avtales inngåelse eller melder seg senere. ...*

Hol kommune må ha nytt rammeløyve frå Fylkesmannen for utslepp av reinsa avlaupsvatn. Kunnskap som føreligg per i dag syner at kvaliteten på vatnet og det biologiske mangfaldet i Usteåne er tilfredsstillande, og med god margin og for ei auke av avlaupet. Dersom veksten i utbygginga av Geilo-samfunnet hald fram, kan det vere at recipientkapasiteten ikkje er tilfredsstillande etter ca. 2040. Ny kunnskap kan endre på denne vurderinga. Hol kommune vil fylgje opp dette temaet.

**Partane er einige i at vasskvaliteten og det biologiske mangfaldet i Usteåne nedstraums reinseanlegget er tilfredsstillande i dag. Hol kommune er ansvarleg for å overvake vasskvaliteten nedstraums reinseanlegget. Partane er einige i at ein må finne kostnadseffektive løysingar dersom det syner seg at tiltak ut over betre avlaupsreinsing og avlaupskontroll vert naudsynt.**

## Flaumrisiko

Reguleringane i Hallingdal og Begna/Valdres har tvillaust medverka til at bygder og byer langs vassdraga og i Drammensvassdraget har vore skåna for store skadeflaumar. Regulanten skal manøvrere Uste- og Hallingdalsreguleringa slik at (jf. manøvreringsreglementets pkt. 2 femte avsnitt fyrste setning):

*«Ved manøvreringen skal for øvrig haas for øye at vassdragets tidligere flomvassføring ikke økes»*

Ingen kan garantere for at ein stor skadeflaum ikkje kan skje i vassdraget. NVE sine klimaprognosar indikerer at det kan oppstå auka fare for stor flaum i Drammensvassdraget i framtida (<https://www.nve.no/klima/>)<sup>6</sup>. Erfaringane dei siste åra med eit endra klima peiker mot at merksemda mot flaum bør auke. Til dømes blei haustflaumen i oktober i 2013, som var ein 50-årsflom fleire stader i Buskerud, kraftig dempa som fylgje av ledig magasinkapasitet i Strandavatn, Stolsmagasinet, Ustevatn, Rødungen Nord og Flævatn. Ved Flå kulminerte flaumen på ca. 400 m<sup>3</sup>/s i Hallingdalselva, medan flaumen ville ha vore på om lag 1250 m<sup>3</sup>/s utan tilgang til lagring i magasina. Tilsiget til magasina kan variere med ±30–40 % årleg. Med dei skrankar som konsesjonen gjer, kan det vere utfordrande å handtere tilsiget slik at ein til kvar tid dekker krava i vilkåra og manøvreringsreglementet. Dersom ein får restriksjonar som reduserer moglegheita for å ta imot flaumvatn, kan flaumane i vassdraga bli større og potensialet for flaumskadar auke. Det er viktig å være klar over at fleire av disse reguleringane vart etablert for 60–70 år sidan, og at dempinga av flaumar dei gjer vert sett på som heilt naturleg blant folk i dag.

FHR har sidan 2005 søkt om unntak frå vilkåra for Uste- og Hallingdalsreguleringa for Ustevatn og Rødungen fire gongar for å unngå flaumskade. FHR overvaker snøsituasjonen laupande. Ved ein kombinasjon av sterk snøsmelting i fjellet med nedbør kan det fort oppstå fare for skadeflaum i Usteåne og Geilo-område. Det er eit mål for FHR å alltid halde vassføringa på under 60–70 m<sup>3</sup>/s ved Geilo bru.

Partane er derfor einige om at nye vilkår må ta omsyn til pårekneleg auka flaumrisiko dei neste 30 åra. Sjølv om ein er einige i at høgste flaumvasstand vert fjerna frå vilkåra, betyr det ikkje at det er fritt fram for regulanten: regulanten vil berre i uvanlege flaumsituasjonar ta i bruk mogelegheita til å regulere magasina over tidlegare tillate flaumvasstand.

**Partane er derfor einige om at tiltak som reduserer faren for skadeflaum i Usteåne, Hallingdalsvassdraget og Drammensvassdraget bør bli vurdert og iverksett. Dersom ein kan kome fram til skånsame og verknadsfulle tiltak utan vesentlege negative miljøverknader, bør disse fremjast som forutsetning for nye vilkår. Partane er einige i at vilkåra i konsesjonen må utformast slik at dei opnar for betre og naudsynt flaumdemping. Partane er einige om å fjerne vilkåra for høgste flaumvasstand i magasina på grunn av omsynet til flaumdemping.**

---

<sup>6</sup> Sjå side 125 : [https://cms.met.no/site/2/klimaservicesenteret/rapporter-og-publikasjoner/\\_attachment/6617?ts=14ff3d845d6](https://cms.met.no/site/2/klimaservicesenteret/rapporter-og-publikasjoner/_attachment/6617?ts=14ff3d845d6)

## Rødungen

Rødungen som reguleringsmagasin kom inn i prosessen på slutten av 1950-talet som avbøtande tiltak for strengare regulering av Ustevatn. Konsekvensane for Rødungen er som venta, men er svært merkbare særleg i tørre år med sein oppfylling av vatnet. Konsekvensen for fisk og fisket er stor. Normalt startar oppfylling av Rødungen litt før 1. juli. Frå Ål kommune si side og for hytteeigarar rundt Rødungen er det ynskjeleg med ei viss oppfylling tidleg i sesongen for å unngå dei største tørrlagde strandflatane tidleg på sommaren, samt betre tilhøva for fisken (gyting og leveområde). Ei tidleg overføring av ei avgrensa mengde vatn frå Ustevatn vil kunne vere positivt for Rødungen utan merkbare konsekvensar for Ustevatn i dei fleste åra. Vidare kan det – truleg med enkle middel – etablerast ein terskel med eit vasspegel ved utlaupet av Langetjørnbekken. Her kan kanskje gyteforholda bli merkbart betre med enkle tiltak, og opplevinga av landskapet tidleg på sommaren bli betre. For detaljar sjå vedlegg 5.

**Partane er einige om å få til ei noko raskare oppfylling av Rødungen, i det minste ei viss oppfylling tidlegare på sommaren, for å bøte på dei største ulempene for landskap og fiske. Partane er vidare einige om at eit slikt tiltak må vere innanfor linene av gjeldande regulering, kor oppfylling av Ustevatn er høgt prioritert. Om det er mogeleg å finne vinn-vinn-løysingar, skal ein streve etter det.**

## Strandafjorden

Strandafjordens reguleringsgrenser er 444,0 og 445,2. Fiskeigarlaget, med støtte frå Ål kommune, har kome med forslag om å unngå nattkjøring frå midten av juni til 1. august samt å unngå regulering av vasstanden under kote 444,4. Strandafjorden er eit magasin for døgnregulering, og blir nytta til døgnregulering i tråd med konsesjonen heile året. Å sette avgrensing på nattkjøring i Uste kraftverk vil sette ein stoppar for viktig kraftproduksjon og hindre tilgangen til marknaden for systemytelsar. Kombinasjonen av produksjonsrestriksjon og «ny LRV» vil sette nye og strenge restriksjonar på manøvreringa av vassdraget med auka risiko for vasstag/flaum og produksjonstag. Kravet om minstevassføring i Hallingdalselva om sommaren er og avhengig av kjøring av Uste kraftverk. FHR/E-CO meiner difor at ein også i framtida må ha fridom til å nytte magasinet innanfor den gitte evigvarande konsesjonen. FHR/E-CO meiner at ulempene ved forslaga er svært store og at ein ikkje kan innføre slike restriksjonar innanfor reglane for vilkårsrevisjon.

FHR/E-CO vedkjenn at utøving av fiske kan vere vanskeleg i fjorden på grunn av reguleringa. FHR/E-CO vil derfor på friviljug basis prøve å halde Strandafjorden på ein høgare vasstand sommarstid.

**FHR/E-CO og Ål kommune/Fiskeigarlaget er ueinige om å innføre ei avgrensing på utnyttinga av Strandafjorden. FHR/E-CO vil forsøke å halde fjorden høgare sommarstid utan at det skal gå ut over kraftproduksjonen eller fleksibiliteten i drifta av kraftverka. FHR/E-CO er innstilt på å gjennomføre møte med Strandafjorden fiskeeigarlag årleg for å evaluere manøvreringa av magasinet.**

## Hallingdalselva

Som følge av løyvet frå 1962, blei det gjennomført omfattande biotoptiltak i Hallingdalselva. Desse er dokumentert i NVE si bok om «Miljøhensyn inn i norsk vassdragsforvaltning 1963–2014», NVE, 2016. Det blei i perioden 1970–1985 etablert om lag 50 tersklar med vasspegl og kulpar. Tiltaka var i stor grad retta mot omsynet til landskap i nærleiken av busetnad og gardar.

Krava til minstevassføring er, jf. pkt. 2 nest siste ledd:

*«I tiden 16. september til 15. mai skal det fra Strandefjord gå en vassføring på minst 2,5 m<sup>3</sup>/s. Fra dette tidspunkt økes slippingen til minst 10 m<sup>3</sup>/s. [...] Endringer i vassføringen skal skje gradvis over et tidsrom av minst en uke»*

FHR har fått utført analysar og vurderingar av tilhøva for fisk i Hallingdalselva. Analysane konkluderer med at elva har potensial for forbetrings. Aktuelle tiltak er biotoptiltak, utlegging av gytegrus, etablering av betre skjul, opning av sidelaup og justering av tersklar. Også meir profesjonell fiskeforvalting kan være aktuelt. Partane er einige om at vilkåra som gjeld for minstevassføring, er tilfredsstillande for opplevinga av landskapet og for fisk og biologisk mangfald i elva.

Flaskehalsane for betre forhold for fisk og fiske er:

- Gyteområde
- Oppvekstområde
- Fiskeforvalting

**Partane er derfor einige i at FHR/E-CO etablerer ein miljøstrategi for Hallingdalselva frå Strandafjord til Gol for å gjennomføre tiltak for å forbetre tilhøva for fisk og fiske for en periode på ti år (2018–2028). Partane er einige om at vassføring og tilhøva i Hallingdalselva er tilfredsstillande for landskap og andre tilhøve i samfunnet.**

Ein plan for miljødesign for vassdraget, som enda betre nytter pålagt minstevassføring, vil bli lagd. Aktuelle tiltak skal ha positiv kost-nytte. Alle tiltak skal godkjennast av respektive myndigheter. For alle tiltak skal grunneigarar og råka partar bli høyrte. Samarbeide skal vere tett med vertskommunane og elveeigarlag/grunneigarar i utvikling av planen og i gjennomføring av planen. Frist for å etablere en plan er utgangen av 2020. Planen skal leggast fram for saksbehandling/orientering i vertskommunane. Planen skal være grunnlag for søknad om enkelttiltak til myndighetene etter respektive lovgiving og (standard-)vilkår.

Aktuelle tiltak på strekningen Strandafjorden–Nes vil i fyrste fase vere knytt til tiltak for betre vandring (eksempel opprette djupål mellom terskelbasseng og sikre vandring ved låg vassføring i nokre naturlege tersklar), modifisering av eksisterande tersklar, etablering av auka gyteareal, etablering av sidelaup og enkelte djupare parti på strekningar med jamn elvebotn. Eit særskilt tema i Hallingdalselva har vore groing av grønske og vassplanter (Oppsjø, Tingvollfjorden). Det vert planlagt for å gjennomføre tiltak for å avgrense vekst som ikkje er ønska, men tiltaka krev god vurdering av omsynet til miljø (fugl) og må målrettast

godt. Det er gjennomført synfaring i Ål og Gol kommunar med dette som tema, og ein plan vil ta utgangspunkt i dei områda som blei identifisert under synfaringa i september 2017. For detaljar sjå vedlegg 5.

### Rukkedøla

Det er ikkje krav til minstevassføring i Rukkedøla. Det er gjennomført felles synfaring mellom partane september 2017. Det er opp gjennom tidene gjennomført mange tiltak i Rukkedøla (flaumsikring, tømmerfløyting, erosjonssikring, senking, kabelgraving mm.). Partane er einige om at innføring av ei minstevassføring er naudsynt, først og fremst for å hindre tørrlegging sommarstid. Det kan òg være tale om ein kombinasjon av sikrings- og biotoptiltak i nedre del av elva nedstraums Hajembrua. Under synfaringa kom det fram at elvebotnen i dei nedre delane av Rukkedøla er dynamisk og at det er aktiv botntransport av masse i elva som må takast omsyn til i planlegging av tiltak. Det er truleg eit stort problem at vatn forsvinn i grunnen (til grunnvatnet, leidningsnettet mm) i nedre delen i tørre periodar om sommaren. For detaljar sjå vedlegg 5.

Det er noko svakt kunnskapsunderlag for å fastsetje ei minstevassføring i Rukkedøla.

**Partane er også einige i at ei viss auka i vassføring i Rukkedøla vil ha positiv innverknad for botndyr, fisk og opplevinga av landskapet. Det viktigaste er å unngå tørrlegging om sommaren. Partane er einige om at ein prøver ut eit vilkår for minstevassføring i Rukkedøla over ein 5-årsperiode med påfølgande evaluering, for å sjå om minstevassføringa er tilstrekkeleg for å unngå tørrlegging. Partane er også einige i at FHR/E-CO etablerer ein miljøstrategi for Rukkedøla gjennom Nesbyen for å utnytte vassføringa best mogeleg for landskap og fisk etter at evaluering er gjennomført.**

### Næringsfond og miljøfond

Hol og Ål kommunar ynskjer nytt nærings- og miljøfond for å bøte på skader som ikkje er innanfor standardvilkåra. Generelt meiner FHR at spørsmål om konsesjonsavgifter, næringsfond mm ikkje fell innanfor vilkårsrevisjon. Spørsmål om konsesjonskraft er eit vilkår om økonomisk kompensasjon og fell utanom vilkårsrevisjon. FHR legg og til grunn at forvaltningspraksis frå dei siste åras vilkårsrevisjonar vil leggjast til grunn for myndigheitenes vurdering av desse spørsmåla. FHR meiner at næringsfond ikkje er spesielt godt eigna til å avbøte miljøulemper i reguleringa.

Når det gjeld næringsfond spesielt meiner FHR dette er kompensert i pkt. 20 i gjeldande løkke. Det vert kompensert med om lag 1,7 MNOK årleg i næringsfond til dei to kommunane årleg.

**Partane er ikkje einige om spørsmålet om avgifter og fond er ein del av revisjonen, men er einige i at det er opp til sentrale styresmakter om avgifter og fond skal opp til vurdering.**

## Forslag til oppdaterte vilkår for Uste- og Hallingdalsreguleringa

På bakgrunn av tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag, innspel på folkemøte, prognoser og analyser som er laga, høyring av utkast til revisjonsrapport med innspel, mm, har regulanten i samarbeid med vertskommunane kome fram til eit endeleg forslag til endringar i vilkåra og manøvreringsreglementet for Uste- og Hallingdalsreguleringa.

Tiltaka er drøfta nøyne i forhandlingar mellom FHR og med vertskommunane og kostnyttevurdert. Tiltaka gir etter partanes syn vinn-vinn-løysingar for alle sentrale tema:

- Betre vassføring i Usteåne og Rukkedøla, til gode for fisk, fiske og landskapsoppleveling
- Tidlegare oppfylling av Rødungen, utan at det går ut over prioritering av oppfylling av Ustevatn, til gode for botndyr, fisk og landskap
- Miljøtiltak for bl.a. betre tilhøve for fisk og for å fjerne groing i Usteåne, Hallingdalselva og i Rukkedøla, til gode for fisk, fiske, tilkomst og landskap
- Kraftproduksjon og flaumdemping

Samanfatta og konkret er partane einige om følgjande nye vilkår:

Vilkår regulanten og vertskommunane er einige om	Konsekvens
Det vert overført 15 millionar m <sup>3</sup> vatn frå Ustevatn til Rødungen frå det tidspunkt tilsiget i smeltesesongen til Ustevatn stig over 40 m <sup>3</sup> /s.	Overføringa varer i gjennomsnitt ca. 4–5 dagar. Tiltaket vil bidra til å dempe risiko for flaum i Usteåne og sikre ei monaleg oppfylling av Rødungen tidleg på sommaren. Tiltaket fører til at Ustevatn når kote 984 ca. 4 dagar seinare enn elles. Men det er som forventa i konsesjonshandsaminga 1962.
I situasjonar kor vasstanden i Ustevatn er over kote 978 og tilsigsprognosene i gjennomsnitt for dei kommande ti døgn er minst 150 % av normalen, kan overføringa til Rødungen starte. Overføringa vert stoppa seinast når tilsigsprognosene i gjennomsnitt for dei kommande ti døgn fell under 120 % av normalen.	Tiltaket tek sikte på å redusere flaumfarene ved å opne for tidleg tapping til Rødungen i situasjonar med utsikter for svært høgt tilsig.  Regulanten skal informere NVE og Hol kommune med forklaring dersom ein sett i verk slik førehandstapping.
Vilkår om maksimalt tillate flaumstiging over HRV vert fjerna for Ustevatn, Ørteren, Nygårdsvatn og Finsevatn.	Tiltaket vil vere effektivt for å hindre skadeflaum i Usteåne og på Geilo i ekstreme nedbørs- og tilsigssituasjonar.  Kostnad: Berre erstatningskostnad for FHR dersom skader på eigedom skjer for hendingar over gamal flaumvasstand.
Kravet til minstevassføring i Usteåne i vintersesongen vert auka frå 200 l/s til 300 l/s målt ved Geilo bru. Kravet gjeld frå	Tiltaket sikrar gjennomstrøyming av vatn til gode for fisk og samfunn vinterstid.

Vilkår regulanten og vertskommunane er einige om	Konsekvens
15.9. til 15.6. eller til Ustevatn har nådd kote 982,3 dersom det skjer før 15.6.	Kostnad: ombygging av vassmål ved Geilo bru, sjå under.
Det vert sett krav om å sleppe ei minstevassføring i sommarsesesongen frå dam Ustevatn på 100 l/s frå det tidspunkt Ustevatn går over kote 982,3. Kravet gjeld til 1.10.	Kravet sikrar ei viss vassføring til gode for botndyr, fisk og landskap i øvre del av Usteåne sommarstid. Restfeltet bidrar med vatn tidleg i smeltesesongen. Naturlege kulpar sikrar overleving for fisk om vinteren.  Kostnad: etablering av tappesystem i dam Ustevatn. Sjå under. <sup>7</sup>
Kravet til minstevassføring i Usteåne i sommarsesesongen vert auka frå 200 l/s til 2000 l/s målt ved Geilo bru frå det tidspunkt Ustevatn går over kote 982,3. Kravet gjeld til 15.9. Vassføringa skal gradvis reduserast til vintervassføring etter 15.9.	Kravet sikrar betre tilhøve for fisk, fiske, landskap og samfunn i Usteåne opp- og nedstraums Geilo. Naudsynt tapping vil skje frå dam Ustevatn etter at kote 982,3 er passert.  Kostnad: etablering av tappesystem i dam Ustevatn. Sjå under.
Dersom det frå 15.6. blir målt under 2000 l/s ved Geilo bru, vert det slept 300 l/s frå tverrslag 1 inntil Ustevatn har nådd kote 982,3.	Bakgrunnen for dette er å sikre vassføring ved Geilo bru i oppfyllingsperioden.
Dersom Ustevatn ikkje har nådd kote 978 15.6., vert 300 l/s slept frå og med 15.6. til Ustevatn har nådd kote 982,3. Det vert då slept frå tverrslag 1.	Kravet er tenkt å sikre ei akseptabel vassføring i Usteåne etter 15. juni og til Ustevatn er på kote 982,3, dersom svikt i tilsliget inntreff. Dette punktet kviler på ei reknar med at tilsliget nedstraums dam Ustevatn er svært lite når Ustevatn har sein fylling. Årsaka til sein fylling kan vere lite snø eller sein smelting. Vi veit ikkje om dette tiltaket er målretta eller ikkje. <i>Ein prøveperiode med evaluering kan tenkjast for akkurat dette tiltaket.</i>
Det vert sett krav om å sleppe 25 l/s frå inntak Rukkedøla heile året. Sleppet vert målt i inntak Rukkedøla.	Tiltaket gjev vassføring i den tørrlagde strekningen rett nedstraums inntak Rukkedøla til gode for botndyr og fisk.

<sup>7</sup> Et system for minstevassføring vil vere eit tiltak som det må lagast ein teknisk plan for, og denne må godkjennast av NVE før vi kan bygge. Vi tek difor førehald om NVE si godkjenning for å etablere luke eller ventil i dammen.

Vilkår regulanten og vertskommunane er einige om	Konsekvens
<p>Frå 1.6. til 1.10. gjeld følgjande krav i Rukkedøla:</p> <p>Dersom vassføringa i Rukkedøla vert målt til å gå under 300 l/s ved flaumparken i Nesbyen, vert sleppt frå inntak Rukkedøla auka frå 25 l/s til 200 l/s. Kravet til slepp på 200 l/s gjeld til vassføringa ved flaumparken vert målt til over 500 l/s.</p> <p>Det kan inntrefje periodar kor tilsiget til inntak Rukkedøla er lågare enn kravet. Da vert tilsiget sleppt.</p>	<p>Målet med tiltaket er 1) å unngå tørrlegging av Rukkedøla frå sentrum til utlaupet til Hallingdalselva og 2) bidra til betre oppleveling av landskapet langs vassdraget gjennom Nesbyen i tørre periodar.</p> <p>Partane er einige om at forslaget bør prøvast ut over ein periode på 5 år, for å evaluere effekten for risiko for tørrlegging og fisk/botndyr og landskap.</p> <p>Kostnad: Etablering av måling av vassføring ved flaumparken i sentrum. Sjå under.</p>
Oppdaterte moderne standard vilkår for naturforvaltning vert fastsett.	Ifylgje NVE sine retningsliner. Plan for miljøtiltak nemnt under tek siktet på å dekke mogelege krav sett i medhald av standardvilkåra.
Plan for miljøtiltak for Usteåne, Hallingdalselva og Rukkedøla, samt for Rødungen, vert utarbeidd.	Planen er konkretisert til høveleg nivå ut frå den kunnskapen som føreligg i dag. Sjå detaljar i vedlegg 5.  Kostnad for miljøtiltak er estimert til 15–20 MNOK over ein 10-årsperiode.

Tabell 22. Forslag til nye vilkår

Tiltaka innan minstevassføring i Rukkedøla gjev eit krafttap på om lag 1 GWh/år. Innføring av minstevassføring I Rukkedøla gjev redusert eigedomsskatt for Nes kommune på ca. 10 000 kr/år. Konsekvensen for naturressursskatt for Nes kommune er minimal.

